

Takk til...

Zoológico de Cali, som gav meg ein sjangs og eit årskort.

Maggie, som blei den første venen min på eit nytt kontinent, og utforska Bogotá med meg, etter at eg blei stranda der mens eg venta på ryggsekken min (som låg igjen i Miami).

Yoli, Emily, Shazia, Chris, Chuka og Nils, som alle inkluderte meg, og gjorde ein ellers slitsam feltkvardag overkommelig.

Zoe, Estrella og Marcel, som gjorde dei siste tre vekene i Colombia eit positivt minne, tross sjukdom og frustrasjon.

Informantar, reisande, fastbuande, og alle andre eg møtte under reisa, som på forskjellige måtar har bidratt til det som no har blitt ein master.

Familien min, som aldri har sett spørsmål ved å bruke den betre parten av eit tiår på universitetet.

Lesesalgjengen og kullkameratar, som ein alltid kunne dele lidelse med, og spesielt Oda og Bendik som måtte høyre mesteparten av klaginga og frustrasjonen gjennom både feltarbeid og masterskriving.

Mest av alt, takk til Martin, framifrå vegledar, som bedømte riktig både når kun positiv tilbakemelding var viktig, og når det var tid for å vere streng, og som kom med uvurderlig hjelp og støtte, og som får mykje av æra for at masteren blei fullført.

Innholdsfortegnelse

Takk til...	1
Innholdsfortegnelse	3
Utdrag frå feltnotat	5
1. Introduksjon	9
Prosjektets opphav og fokus	9
Oppgåvas innhald og struktur	12
Metodiske grep og analytiske hovudnøklar	13
2. La Violencia: Utryggleikens historiske kontekst	19
Seguridad Democática: Utviklinga av turisme og sikkerheit	23
Cali – ein by med ein valdeleg historie	25
Ankomst i Cali	27
3. Samtalar om ran i ei typisk backpackerkontekst: Hostelet	31
Steget inn på hostelet i Cali	31
Andre reisande og informantar	33
Livet på hostelet	35
Scena blir sett for ran	37
Etterspel	40
Tjuveri frå ein av våre eigne	43
Utsjekk gjenkomst, og endelig farvel	44
Samtaler om ran	45

4. Små og store fellesskap: Liminalitet og nisjar	63
Backpacking som liminal fase	63
Communitas – fellesskapet blant dei reisande	67
Gringo – backpackeren separert frå dei lokale	68
Backpackeridentiteten – ein kompleks samansetnad	70
Ressursbaserte nisjar: Backpackerane i forhold til dei lokale gruppene	73
5. Konsekvensar av ransnarrativa	79
Guruar styrar diskursen – eit kunnskapsantropologisk perspektiv	79
Narrativ i endring – tryggleik og førestillingar om Colombia	81
To sfærar – flyten av kunnskaps påverknad på lokaløkonomien	82
Litteraturliste	85

There was a commotion in the reception of the hostel, the staff were talking to two Canadian backpackers we had seen earlier in the day, but had not talked to. They looked very distressed, and we could hear the staff say «policía» several times, but could not hear the rest of the conversation.

The hostel owner, Luís, walked past, and Andreas, a German backpacker, got his attention.

«Hey, what's going on?» He asked, and the three other people in the common area, myself included, gave Luís our full attention.

«These two guys they were just robbed.» Luís answered, in his less than perfect English. He switched to Spanish and relied quickly how they had been mugged by someone in a nearby street, and how they were new to the country and actually thought the police could help. I translated to those who didn't speak Spanish, including the implication that the police would not be any help.

Luís went back to the reception, and the rest of us waited curiously in the common area. After 10-15 minutes, the two Austrians came our way, and Andreas asked them:

«Hey, what's going on guys?» Even though he already knew the answer, as he was curious to hear the full story from them.

«We just got fucking robbed, that's what's going on», said one of them, and they both sat down by the same table as Andreas. The common area was small, with a long couch against a wall, and three small tables along it. We all moved closer, and gave the two our full attention, and – not that it was really needed – encouraged them to tell us all about it.

«We were just coming back to the hostel now, we've been out all day exploring, and right up this street and to the right, suddenly three guys were just standing around us, and one of them pulled out a knife. They took our phones and all our money.»

«Wait, just around the corner up here? Was there no other people in the street, how did it happen?» Asked Lisa, another German.

«Okay, so», one of the Austrians stood up, they're both obviously very agitated, «We've been up there looking at the graffiti right, so we weren't paying that much attention, but the street was pretty empty. These guys were just hanging out outside a door smoking, and we were just walking past and didn't think about it, and then-» He gets the other Austrian to stand up as well, and he starts to act like he's holding a knife while talking.

«Then this guy steps in front of us, he was standing like this, and we were like that» He points to the other guy, standing less than one metre from him.

«And we just stop in shock, and are like, holy shit, we're gonna die, you know? The two others are now standing around us, so we can't just run – believe me, it was tempting. And they're like «Give us phones and money», and we do, because we don't want to get stabbed in a dirty fucking street in Colombia. They took both our phones, and then – and this was weird – they just took the cash from our wallets, and gave them back. Like, that's all they wanted, and then the guy with the knife stepped aside, and they told us to go. So we did. And we were like, what the fuck just happened right now, you know?» He finishes, and the both of them sit down again.

«And we were talking to the people who work here, and they say calling the police is pointless, because they either won't do anything.» He says exasperated. His friend, meanwhile, while participating in the reenactment, has only communicated non-verbally, or by short words like «yeah» and «uh-huh».

«The police are just as likely to rob you, really», says Lisa, and continues.

«It's like, don't be alone in the street with just a few people, and don't be alone with just the police. It's best if the street both has a bunch of normal people, and some police, because then they'll watch each other. They can't both rob you at the same time. How long have you been in Colombia?»

«Ten days now, I think?» He looks at his friend, who nods in confirmation.

«Yeah, ten days, and we're leaving in a few more, we're not really backpacking, just on vacation. Thank god they didn't steal our passports»

«You had your passports on you?» I ask in disbelief.

«Yeah, you're supposed to, in case you get stopped and have to show identification or something, we read before coming.»

«No, no» says pretty much everyone else around the table, in shock.

«You keep your passport safe, it's the most important thing you've got on you. Holy shit you guys were they didn't take them, passports are valuable!» says Sarah, an American woman who had been mostly quiet until then.

There was a short argument about this, until eventually the two Austrians let it go, and the conversation continued for a while, with the Austrians having now accepted that they were the less experienced travellers in the room, and the rest of us sharing «survival tips».

«You've always got to talk to the hostel people about where it's safe to go and stuff, like when I came here, Luis told me which streets to stay clear of, and which times of days it wasn't as safe. Often in the middle of the day actually! Because it's so quiet then, it doesn't matter if there's daylight, if there's no one to see you.» Sarah says.

«Yeah, and be careful about what kind of stuff you bring out, and how you show it, like, you guys were taking photos of graffiti and stuff, yeah?» Andreas asks the

Austrians, and they nod.

«They might have seen you using your phones, that's just putting yourself at risk, and then being in a quiet street too.»

The conversation continues like this for a bit more, with the implication that the victims are partly to blame for being robbed, for being careless, until the Germans and Austrians switch to German, and Sarah and I discuss something else.

1. Introduksjon

Prosjektets opphav og fokus

Sentralt for min oppgåve er narrativer- og i spesielt ransnarrativ – sin konstituerande kraft for sosialitet; sosialt liv, form og uttrykk innanfor ramma av ein meir overordna situasjon gjennomsyra av opplevinga av «fare» i ein heilt bokstavelig og kroppslig forstand. For å gripe an den indre dynamikken i ransforteljingane som pregar store deler av backpackermiljøet i eit nabolag i bydel av storbyen Cali i Columbia, har eg valt å utforske narrativa som ‘games that people play’ i Erving Goffmans forstand og som performativer av eit ‘communitas’ i Victor Turners forstand. Eg argumenterer for at fundamentale sosiale størrelsar står på spill og blir sett i spel av utøvarane gjennom kronisk deling av ransopplevingar. Vesentlig for backpackermiljøets skaping av seg sjøl er forteljinga om og utfoldelsa av både eit kollektivt og eit individuelt sjøl, der beretninga om ran står sentralt. Det som interesserer meg er kva som ligg i djupet av denne dagligdagse delinga av ranshistorier for mine informantar, altså deira involvering i både utøvinga og fortolkninga av egne og andres ransopplevningar, og min eigen antagelse om at dette har å gjere med produksjon av intimitet i ein situasjon kor «krise» eller fare opplevs som eit udiskutabelt premiss. Eg vil argumentere for at den intense, brennende, lidenskapelige delinga av kriseopplevningar bidrar til å skape intimitet og eit narrativ om trygghet blant backpackerane, men også korleis dette igjen henger nære saman med måtane som backpackerane sjølv blir inkorporert på i nabolaget for øvrig som ei kjelde til inntekt og dermed som del av ein større lokal uformell økonomi der fleire av deltakarane lever ein marginal og midlertidig tilværelse på terskelen.

Ut av dette kjem følgjande motsetning fram: Deler av den lokale økonomien er avhengig av backpackeranes utryggleik, då dei teneste dei sel er knytta til å minimere følelsa av utryggleik. Det betyr at det og er nødvendig med lokale aktørar som finn sin nisje i å spreie frykt, då dette er

nødvendig for å halda etterspørselen av tryggleik i gang. Det betyr, som eg skal prøve å visa i denne oppgåva, at systemet er på knivseggen av ein særskjær balansegang mellom å forvalte tryggleik og å spreie frykt, og kva aktørar forvaltar kva er uklart, både for backpackerane og sannsynlegvis for dei lokale. Det ser ut til at fleire aktørar er involvert på begge sider, og at det er resiproke band mellom tilbyder av fare og tryggleik. Uansett var dette eit tema som bidrog til å skape ytterligere band backpackerane i mellom, i dei stadig tilbakevendande samtalan om ran.

Bakgrunnen for prosjektet er – som det av og til er i antropologien – eit resultat av oppdagande etnografi. Det var ikkje sånn at eg hadde planlagt å undersøkje ransnarrativa blant backpackera i Colombia når eg tidleg i januar 2015 heiv meg avgarde på ei transatlantisk flyreise med berre ein ryggsekk å leva ut av det neste halve året. Prosjektet den gangen var å studera miljønarrativ i turistindustrien i eit land dei fleste i omgangskrinsen min fortrinnsvis visste få ting om: Det var stort; var kjent for kokaineeksport, FARC og cartell; hadde noko av den høgaste biodiversiteta i verda; og hadde dei siste 15 åra hatt ein eksplosiv turismevekst og var blitt ein vanleg del av «backpackerstien» for dei som prøvde å få med seg det meste av Latin-Amerika.

Eg landa i Bogotá, sjekka inn på hostel, møtte backpackera, og tok den lange vegen rundt landet og var innom Santa Marta, Taganga, Cartagena de Indias og Medellin før eg ankom Cali nokre veker seinare, der eg starta eit feltarbeid kor guidene i dyrehagen i Cali var mine næraste informantar. I vekene før var eg backpacker sjølv, og under oppholdet i Cali fortsatte eg å bu på hostel og omgås reisande, noko som bidro til at eg fortsatte å vere ein aktiv deltaker i backpackermijøet, i backpackerdiskursane og det utvida nettverket og av menneske som det å utøve backpacking bidrar til å skape. Det var dette som blei spiren til prosjektet som etterkvart tok over, då eg blei meir og meir fascinert over kva som føregjekk på hostelet, og i området rundt, og at det i tillegg blei praktisk utfordrande å fortsetja feltarbeidet i dyrehagen.

Allereie dei første dagane i Bogotá, når eg var ny på kontinentet, var samtaler om ran eit tema i opphaldsrommet på hostelet. Det var både underhaldande og informativt, og til alt hell tok eg litt smånotater om det i journalen min. Den tredje dagen eg var der, var eg ute for nokre øl med nokre franskmenn frå hostelet, og ein mann med kniv prøvde å rana oss. Han rømte fort når ein av dei andre ropte «policia!», men neste gang det var ransamtaler på agendaen hadde eg sjølv ein liten førstehandsberetning å dela, og eg var, utan at eg tenkte analytisk på det den gangen, blitt vitne til, men også sjølv ein integrert del av ein fortellerform- og praksis, som ved nærmare analyse skulle visa seg å følgje eit gjentakande mønster, og som i mi tolking i stor grad bidrar til å skapa mykje av

sosialiteten og moraliteten som dannar sjølve grunnlaget for backpackerfellesskapet i dette området av Colombia.

Under det påbegynte feltarbeidet i dyrehagen i Cali blei eg sjølv utsatt for ransforsøk ein til to gonger i veka, noko som etterkvart gjekk veldig inn på meg. I tillegg opplevde svært mange av dei andre gjestande på hostelet å bli utsett for ran, så samtaler om ran var eit daglig emne. Til slutt følte eg at mangelen på tryggleik var eit for stort negativ ved det dåverande feltarbeidet, at eg avbraut. Eg var då godt i gang med det nye prosjektet om ransdiskurs, men hoppa likevel på første buss tilbake til Bogotá, der eg hadde returbillett fleire månadar seinare, då eg sjølv følte meg innestengt på hostelet i Cali.

Vel tilbake i Bogotá prøvde eg som nemnd å ta på meg ei større antropologirolle, heller enn å føla at eg var rein deltakar som tok notat, enn i Cali, men møtte begrensa suksess i den forstand, utan at det blei noko større hindring. I havet av reisande som tok notat for å skrive heim, eller i bloggen sin, eller berre i eigen dagbok, skilde eg meg ikkje tydeleg ut, der eg snakka om at eg samla data for ei masteroppgåve.

Derfor ber empirien på same måte som fleire andre backpacker-etnografier preg av at eg i stor grad var fullt deltakande i felten, det var ikkje den kjensla av å stå utanfor i ein eigen antropologrolle, som eg hadde kjennskap til frå studielitteraturen. Akkurat som dei andre var eg ute på eit eventyr med sterke overgangsritualistiske preg, på den måten at me alle var i ein liminal fase, som varte til reisens slutt. Feltarbeid og backpacking har såleis mykje til felles, og når eg reiste rundt, budde på hostel, gjekk på barar for backpackara og omgjekk dei, var skilnadane viska vekk. Eg var backpacker og antropologistudent, og har gjennom egne hendelsar og full deltakelse opplevd mykje av stoffet direkte, og var derfor – sjølv sagt i tillegg til dei utallege menneska eg kom i kontakt med – sjølv min viktigaste informant.

Oppgåvas innhald og struktur

Det første kapittelet er ein introduksjon til oppgåva, og beskriv kva som er hovudfokus for oppgåva, og korleis prosjektet oppsto. I samanheng med det litt kompliserte opphavet tar det vidare for seg kva metodiske grep som blei brukt for å samle inn materialet som resten av oppgåva er bygd på, og avsluttar med ein kort introduksjon av metodiske hovudnøklar. **Andre kapittel** beskriv den Colombianske konteksten, med eit overblikk over det historiske opphavet til den colombianske staten og dens posisjon i regionen i dag, framveksten av turisme i samanheng med sikkerheitifiseringa av Colombia, eit blikk på kva type by Cali er, og til slutt korleis det var å komme til byen.

Tredje kapittel er hovudsaklig etnografiske beskrivelsar, om korleis det var å frå første stund på hostelet i Cali, ein kort introduksjon av nokre sentrale skikkelsar, korleis dagane der gjekk fram mot nokon av dei besøkande blei rana, korleis dei sjølv snakka om det etterpå og kva konsekvensane blei, og at ein av ofra sjølv dreiv tjuveri. Det følgjer ein beskrivelse av ein skummel hendelse i Cali som fekk både meg og andre til å forlate byen, og resten av kapittelet er utsnitt av samtalar om ran.

Det fjerde kapittelet beskriv dei forskjellige fellesskapa dei reisande tok del i, og dei liminale prosessane involvert i å skapa desse fellesskapa, samt ei oversikt over dei forskjellige økonomiske nisjane som oppstod i nabolaget kopla til dei besøkande på hostelet. **Det femte og siste kapittelet** ser på kva konsekvensar utvekslinga av ransforteljingane har for heile nabolaget, og korleis endring i følelsa av tryggleik har verkingar ut over reisefølget, når ein diskursendring fører til økt inntekt for nokon og tapt for nokon, og korleis heile systemet er i ein hårfin balanse.

Metodiske grep og analytiske hovudnøklar

«Are memories fieldnotes? I use them that way, even though they aren't the same kind of evidence. It took a while for me to be able to rely on my memory. But I had to, since the idea of what I was doing had changed, and I had memories but no notes. I had to say, «Well, I saw that happen.» I am a fieldnote.»

Informantutsagn frå «I am a fieldnote» av Jean E. Jackson (1999:21)

Den metodiske tilnærminga under opphaldet i Cali ber preg av at feltarbeidet mitt endra fokus etter ei stund i Colombia, og sitat ovanfor illustrerer nokre av kjenslene eg set igjen med i ettertid. Eg var der, eg deltok, og mykje av det som skjedde i første del av feltarbeidet på utsida av dyrehagen eg då prøvde å gjere feltarbeid i, er skriftleg kun dokumentert i dagboka mi, der eg skreiv om det som skjedde til dagleg, inntrykk eg fekk, morosame ting som skjedde, og refleksjonar rundt feltilværelsa, men hensikten med desse notata var ikkje at dei blei skreve til å vere feltnotat.

Sjølv om alle eg hadde kontakt med på hostelet visste at eg var antropologistudent og haldt på med noko i den lokale dyrehagen, var eg ikkje unik i å ikkje direkte identifisere meg sjølv som backpacker, og deltok i praksis fullt ut i backpackerfellesskapet på hostelet under opphaldet. Etterkvart blei som nemnd ransnarrativ ein stadig større del av kvardagen her, ein diskurs eg sjølv ikkje stod på utsida av, og det var ein tematikk eg hengte meg opp i. Mesteparten av notata mine frå denne perioden handlar om meg sjølv, ransforsøka eg blei utsett for, korleis tryggleikskjensla mine endra seg, og korleis eg skulle fortsette feltarbeidet.

Mykje av materialet om både dei andre på hostelet, området rundt, og lokale personar, baserer seg derfor i likskap med i sitatet ovanfor, på minner frå opphaldet – det Jackson kalla «headnotes» (1999:5). Mine eigne notat innehaldt kanskje ikkje så mykje eksplisitt informasjon, men berre nokre få setningar var ofte nok til at eg hugsar hendingar, forhold og samtaler på og utanfor hostelet, og kunne med det rekonstruere mykje materiale.

Dette gjeld og for dei to vekene eg reiste rundt i landet og besøkte Medellin, Santa Marta, Taganga og Cartagena før eg kom til Cali, og eg ikkje hadde på antropologhatten i det heile tatt – trudde eg då i alle fall; men i ettertid var jo dette den første perioden som backpacker, og mykje inntrykk frå den korte perioden har nok vore med på å farga oppgåva. Denne første fasen er det ikkje mykje eksplisitt materiale frå, men då eg sjølv på mange måtar er min eigen viktigaste informant, har heile opphaldet mitt i Colombia på små og store måtar vore med på å påverke både måten eg såg verda på, materialet som blei samla inn, og konklusjonane som blei trekt på bakgrunn av det.

Etter at eg forlot Cali, og reiste til Bogotá for å vere dei to siste månadane i landet der, var fokuset heilt og holdent på ransnarrativa blant backpackera. I Cali hadde eg helst vore ein deltakar i hostellivet, og det at eg var antropologistudent skilde meg ikkje spesielt ut. I Bogotá var eg meir aktivt ute etter ein spesiell type interaksjon.

I utgangspunktet fortsatt eg å vere der dei andre var, og tok notat når denne type samtale oppsto. I løpet av dei to månadane i Bogotá gjekk derfor mykje av tida i starten i og å berre sitja i opphaldsrommet på hostelet med ei bok, og vente på at noko skulle skje rundt meg. Eg byta og hostel éin gong til eit med meir folk og aktivitet. Når ein samtale som eg kunne vere med i starta, måtte eg då introdusere meg sjølv, men på kva tidspunkt skulle eg sei at eg var antropologistudent som tok notat om dette? Eg valte å gjere dette etter samtala hadde fortsatt ei god stund, og såg ut til å vere på hell. Dette gav meg mulighet til å stille spørsmål til deltakarane, og fekk ofte og fart i nye forteljingar igjen. Eg sa ikkje kva spesifikt eg var ute etter i samtalanene, men at eg snakka med og hørte på reisande og turistar som hadde blitt rana i Colombia, kjente nokon som hadde blitt rana, eller egentlig berre hadde noko å sei om temaet.

Dette leda derimot kjapt til både eit lite metodisk problem, og ein åpning. Problemet blei at eg då kjapt vart «Han som skriv om ran», og blei ofte introdusert sånn når nye folk kom, og det påverka jo måten ranssamtalane blei starta på. På den positive sida samla eg mykje meir stoff på kort tid, då det skjedde at folk oppsøkte meg når dei hadde blitt rana, eller om dei hadde noko på hjartet om temaet og følte eg var riktig person til å lytta.

Dette speiler ein del av det Petter Alklov opplevde under sitt feltarbeid blant backpackere, spesielt skillet mellom deltakelse og observasjon, og at tilgang i felten var veldig basert på venskapelige forhold (1999:18). Dette kjenner eg godt igjen frå mitt eige materiale, og det er tydeleg at dei eg har mest materiale frå, er dei eg uansett hadde tilbragt tid med. Dette forklarar og kvifor reisande i 19-

20-årsalderen, som ofte var på sin første store reise, og hadde dette som eit overgangsrituale mellom vidaregåande og universitetsstudium er underrepresentert hjå meg. Dei var der, sjølv om dei var i eit mindretal, men dei omgjekk ikkje så mykje dei andre meir erfarne reisande. Sidan tilgangen til informantar i nesten total grad var forlatt til min bakgrunn som ein 27-årig norsk mann og student, og mine sosiale ferdigheiter, og venskapelige preferanser, vil eg på inga som helst måte kunne påstå at utvalet mitt overhøvet er representativt.

Desse samtalan som ikkje inngjekk i det reint spontane lot eg fortsatt vere veldig frie, og fleire gangar blei andre personar med undervegs, og dei store skilnadane var det då ikkje, bortsett frå at dei ofte gjekk motsett i motsett retning. Dei kunne ofte begynne med at eg stilte spørsmål om kva folk tenkte om ransrisiko, og ende i reine historietvekslingar, versus i dei spontane samtalan der rein historietveksling blei eit springbrett for vidare interaksjon. Kort oppsummert prøvde eg å legge minst mulig føring på utspelninga av det sosiale spelet, men opplevde i likhet med Almklov (1999:19) at folk som var kjend med kva eg gjorde ofte spurte om eg ikkje skulle notere noko, når dei sjølv tenkte det var relevant.

Eg tok handskrivne notat anten mens samtalan føregjekk, eller ved første anledning etterpå. Basert på desse notata og hukommelsa skreiv eg ned samtalar i ettertid. Sidan det ikkje lot seg gjere å trekkje fram ein opptakar, stoppa opp samtalen, og sei kva eg haldt på med og forklara kva eg var ute etter utan å forstyrre heile den sosiale situasjonen, gjorde eg ikkje opptak som eg etterpå kunne transkribera. Det vil då sei at når eg legg frem beskrivelsar av samtalar, så er dei rekonstruksjonar basert på notat og husk, og ikkje direkte ord-for-ord representasjonar. Det fører naturlegvis til at eg ubevisst nok har filtra ut ein del naturlige samtaleelement, som hyppige avbrudd, innspell, gjentakalsar, og at i det heile tatt vil samtala nok framstå som meir strømlinjeforma og lineær enn den nok var.

Dei fleste samtalan var på engelsk, og blir gjengitt på det språket. Engelsk var med overveldande fleirtal det mest brukte språket i backpackerkonsteksta i Colombia, til den grad at latin-amerikanske reisande risikerte å bli ståande på utsida om dei ikkje meistra engelsk, sjølv om dei snakka spansk i eit spansktalande land. Eit mindretal av samtalan var på spansk og svensk, og desse har eg i notata mine oversett til norsk.

Det som etterkvart viste seg når feltarbeidet var over, og arbeidet med oppgåva var i gang, var at eg i denne delen av feltarbeidet fokuserte for mykje på sjølve samtalan, og ikkje konteksta rundt, og

det er noko av grunnen til at opphaldet i Cali har blitt sjølve kjernematerialet, mens samtalar frå Bogotá har blitt ståande som supplerande.

I mangel av utforskande og utførlige notat om konteksta, er det opphaldet i Cali som står sterkast i minnet, og som det lengste opphaldet på éit hostel, og med eit persongalleri som var der i i fleire veker og der eg fekk noko kontakt med dei lokale, er det her det er lettast å få fram ein samanhengande forteljing som står i ein større kontekst.

På grunn av den flytande og omreisande tilværelsa backpackera har, og det at eg sjølv – etter å ha reist litt rundt aleine – haldt meg først i Cali i to månadar, og så i Bogotá i dei neste to, hadde eg ikkje nokon informanter som var med gjennom heile feltarbeidet. Det hadde nok vore meir fruktbart å frå starten av funnet eit reisefølgje, og hengt seg på dei i lengre tid, men som forklart ovanfor var ikkje oppgåva planlagt sånn frå utgangspunktet, og det var då ikkje gjennomførbart

Likevel hadde eg stabile informantar i kortare periodar. I Cali sjekka det inn fem stykk, der tre var i eit reisefølgje, og to reiste åleine, same dag som meg, og desse blei viktige kjelder for meg. Det var tre tyskarer som reiste saman og var der i nesten ein månad, ein argentinar som var i ei veke eller to lenger, og ein brite som var der heile opphaldet mitt. I tillegg fekk eg her god kontakt med fleire av dei tilsette, og ein lokal kioskeigar. I Bogotá blei eg etterkvart kjend med fleire vestlege fastbuande, blant anna med ein australsk caféigar, og ei sveitsisk hosteleigar, som kom med nyttige innspel. Dei tre siste vekene blei eg og kjent med fleire som reiste åleine, og me danna ei gruppe, som etter eg reiste tilbake til Noreg, fortsatt å reise saman.

I tillegg til dette, og med hjelp frå at sjølve temaet handla om sosial interaksjon, kom eg veldig lett i kontakt med folk, og fleire som kom med gode bidrag til datamaterialet, var folk eg kanskje berre snakka med éin kveld, før dei reiste vidare. Fleire av desse bidraga har vore heilt essensielle, og spesielt der eg har nedskrivne samtalar har det vist seg at det var fleire deltakara som eg kun var i kontakt med den eine kvelden

Den einaste konstante skikkelsa gjennom heile feltarbeidet var derfor meg sjølv, og er eg tilbake til der me byrja, med at eg sjølv blei min viktigaste informant. Alt er skjedd gjennom mine auge, og må ikkje forståast som eit noko som helst objektivt eller holistisk blick på backpackerlivet der eg var i Colombia, men den tolkinga eg har gjort av det, men grunnlag i Clifford Geertz perspektiv på fortolkande metode og refleksivitet [1973] (2000).

Geertz samanliknar feltarbeid med å lesa ein tekst som er «foreign, faded, full of ellipses, incoherencies, suspicious emendations, and tendentious commentaries, but written not in conventionalized graphs of sound but in transient examples of shaped behaviour», (Geertz, 2000:10), der ein er *naud* til å tolke, og all tolkinga foregår gjennom seg sjøl. Gjennom å ha eit bevist og reflektert forhold til dette, er målet å balansere oppgåva så godt som det lar seg gjere mellom mine egne erfaringar, og andres livsverd sånn som eg har tolka dei, og å ikkje projisere for mykje av førstnemnde på sistnemnde, sjølv om førstnemnde blir grunnlaget for mykje av forståinga av felten.

Denne etnografiske beskrivelsen er derfor skapt gjennom tolkingane mine, og ein anna feltarbeider i same felten vil sannsynligvis gjere andre funn og andre tolkingar, sjølv om det er i liknande kontekst, fordi einkvar tolkar forskjellig, og kjem i kontakt med forskjellige delar av kulturveven.

Med tanke på feltprosjektets spontane opphav, er det neppe overraskande at det teoretisk sett har frå starten av hatt klassiske antropologiske nøkkelbegrep i sentrum. Det var dei eg sjølv hadde med meg i den analytiske ryggsekken på felten.

Diskurser, som i følge Lutz & Abu-Lughod (1990), referer til alle typar sosiale praktisar, som denne type møte er døme på, og som er produsert basert på erfaring, og ligg i grunn for dei virkelighetsforståelser og *imaginaries* (Salazar 2013) som folk lever innanfor, og dei «sannheter» dei arbeider med (sjå Thomassen 2008). Narrasjonar er eit beslekta inntak til informasjon, og er i denne samanhenga ei samanhengande forteljing med eit plot som foreiner forteljingas spreidde element. Analyse ved narrative studiar forsøker i følge Thomassen å analysere orda som informantane nyttar blant seg sjølv og for andre. Analyseprosessa legg dermed særleg vekt på forteljingar og historier, der informantane framstiller erfaringar og hendingar på ein måte som dannar eit gjentakande mønster.

Til slutt, Fredrik Barth [1956] (1994) tar i bruk eit interessant økologisk perspektiv for å forstå relasjonar mellom sideliggjande sosiale grupper, og korleis forskjellige grupper kan leve i same område, utan å fortrenge kvarandre, men ofte skapa seg ein egen eksistens gjennom å gjere gjensidig bruk av kvarandres tilstedeværelse. Dette inneber at ein gjer eins eigen eksistens til ein viss grad avhengig av symbiotiske relasjonar med andre eksistensar i form av alt frå negative til balanserte transaksjonar med totale sosiale omgjevnadar. Backpackerne, i mi tolking, skapar og opprettheld sin eigen eksistens i stor grad i relasjon til andre sosiale grupper i dei same omgjevnadane, samstundes som desse andre – svært ofte marginaliserte – sosiale gruppene

oppretheldt sin egen eksistens gjennom diverse negative og resiproke relasjonar med backpackerpopulasjoner. Begrepet «nisje» i antropologisk forstand referer nettopp til måten forskjellige grupper utnyttar berre ein del av dei totale omgjevnadane, og lar sånn ein del stå open for andre gruppers utnytting, og nisje blir den plassen og dei relasjonane til ressursar og andre grupper ei gruppe har (Barth 1994:145-146).

2. La Violencia: Utryggleikens historiske kontekst

Colombia er i dag med sine 1.139 millionar kvadratkilometer det femte største landet i Latin-Amerika, etter Argentina, Brasil, Mexico og Peru, og med 46 millionar innbyggjarar det tredje mest folketallige etter Brasil og Mexico (Bull 2010:20), og ligg heilt nord i Sør-Amerika, og er det einaste landet med landegrense mot Mellom-Amerika, ved grensa mot Panama i nord-vest. Landet har kystlinjer mot både Stillehavet i vest og Det Karibiske Hav i nord, og grenser i tillegg til Panama mot Venezuela i aust, Brazil – gjennom Amazonasregnskogen - i sør-aust, og Ecuador og Peru i sør. Mot dei to sistnemnde er grensa i Andesfjella, der Colombia møter Peru innanlands, og Ecuador langs Stillehavskysten (Bull 2010).

Landet ligg vidare rett nord for ekvator, og har derfor eit tropisk klima utan merkbare sesongar. Det har eit svært variert landskap, frå det sparsommelege befolka Amazonas i sør-aust, lavlandet i nord mot Karribien, der hovudmengda av befolkningstettheta er rundt kystbyane Santa Marta, Barranquilla og Cartagena de Indias, til høgfjellsslettane internt i landet, der hovudmengda av befolkninga bur. Bogotá ligg 2500 meter over havet, på ei enorm slette mellom forgreingar av Andesfjella, og Cali ligg 1000 meter over havet i dalføre Valle de Cauca, mellom fjellkjeda som separerer dalen frå Bogotá i aust, og Stillehavet i vest (Bull 2010, Bushnell 1993).

Landet har i ei oversikt variert etniske samansetning, med 20% identifisert som europeisk, 2% som urfolk, 53% som mestiser, 25% som mulatter og afro-latin-amerikanere (Bull 2010:21). Fordelinga i landet var ikkje jamn. I Andesfjella, og spesielt området rundt Bogotá, var størsteparten av folk av europeisk avstamming, mens det i det karibiske området er dei fleste av afrikansk avstamming (Streicker 1995), som er etterkommarane av slavar frå Afrika, som blei henta til regionen for å arbeide på plantasjar. Utbytting og avhengighetsforholda heng fortsatt igjen i dag (Archetti & Stølen 2008:254), og landet har eit uformelt hierarki basert på rase, med kvite på toppen, og svarte og innfødde på botn (Streicker 1995).

Colombia har nesten 500 år med skriftlig historie. Spirene av det som no er Colombia blei lagt i 1538 når Bogotá og Ny-Granada blei grunnlagt i 1538 etter å ha erobra eit lokalt kongedømme. Colombia hadde innfødte folkeslag – akkurat som resten av Latin-Amerika – men berre mindre grupper, og små kongedømmer. Erobringa av Colombia føregjekk derfor annerleis enn for Andesfjella sørover, der spanjolane kom over Inkariket, og i Mellom-Amerika der dei møtte Aztekerane, begge store og strukturerte sivilisasjonar.

På 1600-talet var heile området erobra, og etter mykje eksperimentering frå den spanske staten, var det høgt sentraliserte styringsformer som blei innført i Latin-Amerika. Ny-Granada låg under Visekongedømmet Peru fram til 1717, då Ny-Granada blei gjort til Visekongedømme separert frå Peru (Bushnell 1993:12). Ny-Granada omfatta då dagens Colombia, Venezuela, Ecuador og Panama (Bull 2010:38).

I 1817 begynte Simón Bolívar sin berømte uavhengighetskrig i Venezuela, og innan to år var regionen frigjort det spanske koloniveldet. Fram til 1830 var dagens Colombia og Venezuela samla som Gran Colombia, då dei skilde lag (Bushnell 1993:60), til det som er dagens landegrenser, med unntak av Panama som blei skilt av i 1903 (Bull 2010:45).

På 1800-talet var ikkje landet upåverka av den industrielle revolusjonen, og med økte behov og konsumkrefter i Europa og Nord-Amerika, ekspanderte eksportindustrien i Colombia kraftig, spesielt rundt eit av produkta Colombia har blitt verdskjent for, nemlig kaffe (Bull 2010:44).

På 1800-talet var og den første folketellinga, i 1825, men som blir rekna som upåliteleg. I 1835 derimot blei det talt opp 1.7 millionar innbyggjarar (Bushnell 1993:286). Når ein samanliknar med notids 46 millionar, er det tydeleg at det har vore ein enorm folkevekst, og som typisk for Latin-Amerika som heilheit, er det stort sett i byane vekstane har vore, og det har vore enorm urbanisering i Colombia, og størstedela av befolkninga bur i by, til tross for at landbruk fortsatt er ein svært viktig økonomisk sektor, med plantasar for sukkerrør, kaffe, ananas, bananar, kakao, bomull og palmeolje (Bull 2010:63). Med den økte urbaniseringa har det og kome ein dramatisk økning i uformell verksameheit og kriminalitet i byane (Archetti & Stølen 2008:273).

I tillegg til desse er Colombia eit oljeproduserande land (Bull 2010:66), som er ein viktig eksportindustri, og naturlegvis har ein kokainproduksjonen. Colombia står for 51% av kokainproduksjonen i Latin-Amerika (Bull 2010:76), og over halvparten av befolkninga er knytta til

uformell sektor, anten det er ellers lovleg aktivitet som står utanfor dei formelle systema, eller reine ulovlege aktivitetar som kokainindustrien (Bull 1010:74).

Sidan 1957 har Colombia vore eit konstitusjonelt demokrati, der presidenten har spesielt mykje makt, og kan foreslå lover, styre budsjett og skrive ut lovleg bindande dekreter utan at dei må gjennom kongressen (Bull 2010:88, 91).

Frå 1946 til 1957 var ein av dei mest berykta periodane i landets historie, då landet blei slukt opp i ei valdsbølge der medlemmer av dei to største partia angrep kvarandre, i det som blir kalla La Violencia. Sjølv om nivået på vald ikkje nådde same nivået i ettertid, tok nye konflikter over, der aktørar kom og gjekk, og til slutt nærma seg konflikten landet no fortsatt er kjent for: Nemlig mellom staten og geriljaene FARC og ELN (Bushnell 1993). Sistnemnde er no veldig svekka, og FARC og staten har hatt våpenkvile dei siste åra mens fredsforhandlingar har foregått på Cuba. Geriljaen starta med venstredikale ideologiar om landrettigheit, men har i løpet av tiåra gått over til å mest handle om sjølvfinansiering gjennom narkotrafikk og kidnapping. Som eit motpunkt til geriljaen, har Colombia ei blodig historie med høgreorienterte paramilitære styrkar – ofte knytta til staten – som til dømes AUC, som til tross for at dei kjempa mot geriljaen, også dreiv med narkotrafikk, kidnapping, mord og terror. AUC blei avvikla mellom 2003 og 2005, men medlemmane gjekk vidare til nye paramilitære grupper, og valden fortsatte (Bull 2010:110-110).

Når eg var på feltarbeid fra januar til mai 2015, under fredsforhandlingane, var altså Colombia i si fredeligaste periode på fleire tiår. Resultatet av så lang intern strid, og narkoøkonomien, er at Colombia er eit av dei voldeligaste landa i Latin-Amerika med 37 drap per 100 000 innbyggjarar (tall frå 2007), kun bak Guatemala, El Salvador og Honduras (Bull 2010:150).

I tillegg til dette er Colombia – saman med Peru – på toppen av statistikken over vold mot kvinner, noko som blir blant anna forklart med machokulturen – *machismo* – der ein generell mangle på respekt for kvinner er vanleg, kombinert med manglande lovverk og strukturelle forhold som enorme sosiale skilnader (Bull 2010:151).

Colombia skil seg noko frå andre land i regionen ved å ha gode relasjonar til USA, noko som spesielt skapar spenningar med Venezuela, der forøvrig den største gruppen latinamerikanske immigranter er Colombianere som flyktar frå vald (Bull 2010:128). Under Bill Clintons presidentperiode blei Colombia eit av hovudfokusa i The War on Drugs, og Colombia fekk stor

økonomisk støtte til å utvida militæret for å bekjempe narkocartella. Til gjengjeld støtta Colombia USA i The War on Terror seinare (Bull 2010:160-164).



Kart over Colombia frå CIA World Factbook. Public Domain.

Seguridad Democrática: Utviklinga av turisme og sikkerheit

Med bakgrunn i dette, kan det vere vanskelig å forstå korleis Colombia har utvikla ein levande turismeindustri, og korleis landet har blitt eit ynda reisemål for mange, og det vil eg her forsøkje p gjere greie for, blant anna ved å vise til at det har skjedd gjennom prosessar nært knytta opp mot statens aktivitetar mot og undertrykkjing av andre aktørar, der turisme har blitt brukt som grunnlag for eit nytt sikkerhetsregime. Diana Ojeda, ved Pontificia Universidad Javeriana, Bogotá, har skrevet doktorgrad om emnet, og artikkel «War and Tourism» (2013) basert på doktorgrada er hovudkjelda for denne seksjonen.

I 2002 innførte staten eit prosjektet *Seguridad Democrática* – demokratisk sikkerheit – der materiell og diskursiv produksjon av turistlokasjonar blei eit av hovudelementa i å skapa eit land det er trygt å reise i (Ojeda 2013:759). Ojeda bruker ordet «securitisation» som eg har oversett til sikkerheitfisering, sjølv om uttrykket ikkje er direkte oversetebart, då security ikkje har eit nøyaktig tilsvarande ord på norsk (Hylland Eriksen 2006:7).

Ojeda utdjuper at konseptet ho snakkar om er «a political and cultural project of hyper-vigilance and exclusion of particular spaces and forms of citizenship, usually based on militarisation and the mobilisation of fear» (2013:759). Under dette prosjektet blei turistpromosjon, the War on Terror og the War on Drugs kombinert i ein kamp om å fremma nye narrativ om sikkerheit og mobilitet i Colombia (Ojeda 2013:760).

Tidlig på 2000-talet fremma Álvaro Uribe ein djupt maskulin diskurs om krig og sikkerheit, der heltemot, og å vere mann nok til å stå opp mot geriljaen låg i fokus, og at han identifiserte seg med politi og soldatar, og på bakgrunn av dette blei sikkerheitfiseringa sett i gang, og under hans presidenttid blei det statspolitikk å militarisere landet, i eit narrativ der demokrati og valdsutøving går hand i hand i kampen mot geriljaen som blei sett inn i rammeverket frå the War on Terror og derfor i ein internasjonal samanheng (Ojeda 2013:761-762).

Sikkerheitfiseringa førte med seg utstrakt militærbruk, overaking og mistenkeliggjering av eigne borgarar som potensielle terroristar, og økt valdsbruk frå paramilitære grupper som ofte var knytta direkte til staten, gjennom retorikken at det var naudsynt for å få på plass orden og lovlege

tilstandar. I 2009 hadde dette ført til at landet var det i Latin-Amerika som brukte nest mest pengar på militæret – kun forbigått av Brazil med fire gonger fleire innbyggjarar – og i 2011 blei landet i ein rapport erklært det med størst sosiale forskjellar i Latin-Amerika (Ojeda 2013:263).

Fokuset var på byar, vegar og turistdestinasjonar, og var kombinert med statsfinansierte reklame- og haldningskampanjar om innsatsen som blei gjort, og at Colombia no var eit trygt land å reise i. Resultata var ein merkbar auking i både nasjonal og internasjonal turisme, men Ojeda vektlegg at dette ikkje bør berre tolkast som eit resultat av politikken, men at det låg i grunn for mykje av sikkerheitfiseringa. Politi blei sett til å vakte turistdestinasjonar, som igjen ville føre til økonomisk vekst og stabilitet (Ojeda 2013:764). Framveksta av sikkerheitfisering og turisme bør derfor sjåast på som å vere i eit dialektisk forhold, der begge avhenger av kvarandre.

Med det enorme fokuset på turisme, og å gjenerobre landet, kom og økt marginalisering, og dei same områda som turistane flokkar til, blei andre sosiale grupper tvungne unna. Til dømes Tayorna nasjonalpark på nordkysten av Colombia, aust for Santa Marta, der populasjonar som ikkje levde på «autentisk innfødt» nok vis blei forvist frå parken, så den kunne framvisast som ein rein naturpark, med uberørt natur og strender (Ojeda 2012).

Skapinga av imaginaries - forestilte narrativ om korleis det skal vere - i turismen er og eit kjent fenomen frå blant anna Noel Salazars *Envisioning Eden* (2013), som tar for seg måten staten og industrien tilpassar seg forventningar, skapar narrativ, og fremmar dei autentiske opplevingane, uavhengig om det autentiske byggjar på faktiske forhold, eller er skapt løpande for å møte forventningar, som ein til dømes ser ved Tayrona nasjonalpark.

Etter mange samtaler av typen «Kvifor reiste du til Colombia?» som var eit vanleg spørsmål i backpackermiljøet, kan det sjå ut som om strategien har fungert utmerka. No må eg jo sjølvsgt anerkjenna at samtlige av kjeldene mine var folk som hadde valt å reise til landet, og eg har dermed ikkje noko direkte materiale frå dei som ikkje reiste dit, men informantane mine uttrykte ofte at folk heime hadde åtvare dei mot å dra til Colombia, noko eg sjølv var kjend med.

Fraser som «Det pleide å vere ganske ille, men no er Colombia heilt greit, sånn som dei andre landa» var svært vanlege, og nesten alle sa at dei kjente til Colombia blant anna frå snakk om kokainindustrien, FARC, borgarkrig, kidnappingar, og denslags, og at dei på forhand måtte beroliga familie og venner om at det ikkje var sånn lengre. Som det kjem fram seinare i oppgåva handla

mykje av råda blant backpackera om kor det var trygt å gå og ikkje, så sjølv om sikkerheitifiseringa nok har gjort svært mykje, både for å senke risikoen i dei berørte områda, og for å promotere landet som sikkert for turistar, var det absolutt snakk om avgrensa soner.

For mange var det og litt av eventyrkjensla: Dei sa at ved å reise til eit land som hadde eit litt frynsete rykte, som andre ikkje turte å reise til, følte dei at dei tok eit steg ut av komfortsona, og fekk oppleve meir av den verkelege verda, og det autentiske, noko ein kjenner igjen frå blant anna backpackerstudia til Peter G. Almklov (1999). Samstundes var det ein balanse der, fleire av desse sa og at dei ikkje villa ha reist der nokre år i fortida, då det ikkje var trygt då, og det overveldande fleirtalet av reisande eg kom i kontakt med under feltarbeidet, haldt seg til lokasjonar retta mot turistar, anten det var bykjernar i storbyar, økogårder, eller resorts i avskjerma område.

På heile feltarbeidet møtte eg kun to stykk som reiste utanfor desse romma, eit tysk par som sykla dei amerikanske kontinenta på langs, frå Canada til Argentina. Dei haldt seg riktignok fortsatt til dei store vegane, som hadde blitt sikra i den tidligare nemnte prosessen. Samtlige ellers reiste frå hostel til hostel med buss eller fly, og haldt seg stort sett unna blant anna bydeler der turismen ikkje hadde nådd. I alle byane eg var innom fekk ein raskt tips om kva geografiske grenser ein burde forhalda seg til, noko som blir svært relevant for den vidare diskusjonen rundt ran.

Cali – ein by med ei valdeleg historie

Cali, byen der mykje av feltarbeidet mitt tok plass, ligg sør-vest i Colombia, i Valle del Cauca, ein av dei mest fruktbare regionane i Colombia, og der mykje av kaffien blir dyrka. Det er den tredje største byen i landet med over to millionar innbyggjarar, kun forbigått av Medellín og Bogotá. Etter at byen blei grunnlagt i 1536 var den ein ganske liten by i lang tid, men etter at byen blei koplå med jernbane til hamnebyen Buenaventura i 1915, kom ein voldsom vekst. Buenaventura var den første Colombianske hamna med direktekopling til den fruktbare interiøren, noko som var svært viktig for kaffeeksporten (Bushnell 1993). Mens byen i 1912 hadde 27 tusen innbyggjarar, hadde talet stege til

123 tusen i 1928, berre 16 år seinare. Veksten fortsatte, og Cali blei millionby tidleg på 1970-talet, noko som sidan har dobla seg.

Cali har ikkje like utvikla turistsektor som fleire av dei andre store byane, og er kanskje mest kjent for å vere hovudbyen for kokainkartella og viktig for FARC. Cartella i Medellín og Cali var i krig på slutten av åttitalet, men det var på nittitallet cartellet i Medellín – med den famøse Pablo Escobar – som blei knust, og cartellet i Cali fortsett framover. Med nærleik til den einaste Colombianske hamna langs stillehavskysten, og med kokaintrafikk som hadde flytta seg over til kontainerskip, tok cartellet i byen over ein stor grad av kokaintrafikken gjennom Colombia (Bushnell 1993:232).

Med dette i bakhovudet kan ein jo spørja kvifor eg valte å gjere feltarbeid akkurat her, og grunnen var Zoológico de Cali – ein stor og anerkjent dyrehage – og at Cali i tillegg var tilhaldsstad for fleire miljøvernorganisasjonar, til dømes regionkontoret for WWF, og derfor virka svært egna for mitt dåverande prosjekt.



Cali, bilde tatt frå den gamle kolonibyen, med den moderne bykjerna i bakgrunnen. Privat foto.

Ankomst i Cali

Når eg ankom Cali seint ein kveld i tidlig februar i 2015 visste eg svært lite om korleis byen var organisert. I ein framand by med stor ryggsekk og eit svært europeisk utsjånad, følte eg meg litt utsett. Eg var gringo. Eg hadde skrevet ned adresser til nokre hostel som låg i same område, i gamlebyen, og gjekk mot taxikøen for å komme meg dit, då eg ikkje hadde lyst til å kørkje gå eller ta buss seint på kvelden når eg ikkje var kjent.

Når eg nærma meg taxiane, la ein gjeng på 5-6 sjåførar som stod og prata merke til meg, og ein av dei spurte kor eg skulle, og eg svarte med ei adresse, og spurte om pris. Prisen som blei oppgitt var 25 tusen colombianske pesos, cirka 90 kroner. Ikkje dyrt i norsk samanheng, men det føltes ikkje heilt riktig, det skulle ikkje vere så langt frå bussterminalen, meinte eg. Eg endte opp med å snu ryggen til dei, og gjekk mot ein turistinformasjonsbås, betjent av ein mann i politiuniform, som ikkje kunne ha vore eldre enn 20.

I Colombia brukte dei vernepliktige, både i politi- og militæruniform, svært mykje i turistområder, for å ha eit synleg og uniformert nærvær. Ved seinare samtalar med ein gjeng av desse unge politibetjentene – som i motsetning til ansatte ikkje hadde anna våpen enn ei kølle – fekk eg bekrefta at deira oppdrag helst var å bli sett, og at prosedyren dersom dei såg kriminalitet var å kontakte «det ekte politiet».

Mannen i turistinformasjonen hadde takstskjema liggande, og forklarte at taxinæringa var gjennomregulert, med faste prisar, og han kom fram til at det skulle koste rundt 8000 pesos – under 30 norske kroner – å ta taxi der eg ville. Alt dette føregjekk innan synsfeltet til taxisjåførane, som eg returnerte til. Då utan noko meir, sa ein annan enn den første at det kosta 8000 til der eg skulle, og eg tok taxien.

Det var tydeleg både i denne situasjonen, og andre, og frå samtalar med andre reisande og ansatte

på hostella, at det var ganske vanleg praksis å prøve å ta ekstra betalt når ein kunne: Dei kalla det gringo-skatt.

Hostelet eg kom til den første natta var av dei større, med eit basseng og bar sentralt i hostelet, heller enn tradisjonelt opphaldsrom. Dei fleste av gjestane var i yngre 20-årsalder, og hostelet bar preg av å vere eit partyhostel. Eg sjekka ut neste dag, og må nok innrømme i ettertid at den gruppa av backpackera som reiste mellom vidaregåande og universitetsstudium kanskje var dei eg har minst materiale frå, då eg ikkje omgjekk dei til vanleg, og måtte oppsøkje dei, og dei i tillegg trakk mot denne type hostel, som eg ikkje tilbragte mykje tid på.

På kvelden på dette hostelet, då det var den første dagen min i Cali, kikka eg gjennom brosjyrane som låg i skranken. Her var det vanleg med alt frå offisiell turistinformasjon, til reklame frå turistnæringa, nummer til restaurantar som leverte mat og oppslag om private spansk- og salsaleksjonar. Eg fant eit turistkart, som eg bretta ut, og sperra opp augena, når eg såg at nesten alt aust for bykjerna var markert raudt, med «Danger Zone» i utheva skrift. Under heile opphaldet mitt bevegte eg meg aldri nær dette området, og har fått bekrefte i ettertid at det er eit område ein berre ikkje går til som utlending.

Neste dag reiste eg ut av bykjerna – vestover - til ein bydel nokre minuttar med taxi unna, til eit hostel der hovudmotivasjonen min var at det var billigare, såg heilt greit ut, og låg litt utanfor allfarveg, og var derfor kanskje meir egna for lengre opphald.

Det tok rundt 25 minutt å gå ned igjen til bykjerna, og sidan klimaet i Cali er særst behagelig, med rundt 25 grader heile året, var det freistande å ta beina fatt og rusle nedover den slake åsen hostelet var på. Tok ein den mest direkte og kjappaste ruta, gjekk ein gjennom ein park på vegen ned til sentrum.

I parken haldt dei på å lage til ny gangsti i tida me var der, og på dagtid var det derfor arbeidsfolk i ein ende av parken, ellers var det ein gjeng med folk i studentalder av begge kjønn, som av og til prøvde å selge narkotiske stoffer til forbipasserande, og politipatruljer som ransaka folk for det same. Parken var lang og i den retninga me gjekk, og med litt kupert terreng, var ein litt isolert frå byen rundt i parken, og det var lett å føla seg litt utsatt når ein gjekk det, spesielt om ein gjekk åleine.

Området rundt hostelet var prega av store sosiale forskjellar. Nabolaget var anten nærmast fortifiserte villaer; blokker med leilegheiter; eller mindre bygningar som bar preg av fattigdom. Dei to førstnemnte hadde begge murar eller høge gjerde – ofte med piggråd på topp – overvåkingskamera, og væpna vakter som kontrollerte all tilgang. Den einaste trafikken inn og ut av desse eg såg var bilar som kom og gjekk, og ein kan tenkje seg at med parkering innanfor porten, så trong ikkje folka som budde der ha noko med resten av nabolaget å gjere.

For sistnemnte kategori var det annleis, dei øvrige bustadane bar preg av at dei hadde sett betre tider, med slitt eksteriør, ofte store glipp mellom vindu eller dør og vegg, og med elektrisk- og telefonlinjer som var kopla saman på kaotisk vis. Det var folka frå denne kategorien ein møtte når ein gjekk rundt i nabolaget, anten dei sat utanfor huset og spela kort – noko den same gruppa menn i 50-60 åra gjorde kvar dag -; solgte gatemat frå stand rett utanfor huset, ofte med stovedøra open så ein såg rett inn i boligen; eller i den vetle handlegata, der det var matvarehandel, bakeri og fleire kioskar.

Her tiltrakk me oss ein del oppmerksomhet, og blei referert til i tilrop og ved direkte handelsinteraksjon som «gringo», eit uttrykk me kjem tilbake til seinare, men som var ein klar identitetsmarkør på at ein var utanforståande.

Handlegata låg vestover, mens bykjerna låg østover. Berre eit steinkast frå porten til hostelet i retning mot byen låg ein liten butikk eller kiosk til, og mens dei øvrige i området såg ut til å vere stort sett retta mot lokalfolk, var det tydelig i servicen og vareutvalget at denne retta seg og ganske sterkt mot hostelgjestane.

Innehavaren var alltid svært pratsam, og ville høyre kor me var frå, og kor lenge me skulle vere, og denslags, noko som skilte seg frå dei øvrige butikkane i området. Til gjengjeld merka eg og fleire etter nokre veker at han ofte spurte om det same, og ikkje huska svara som var gjedd før. Til dømes spurte han igjen og igjen om eg og ein brite var amerikanarar. Tolkinga mi er derfor at han ikkje var genuint interessert, men ville framstå som interessert i det som sikkert var den største kundegruppa si. Hostelet selde alkohol og tobakk, men til greit stiv pris, så Paco som dreiv butikken tente sannsynlegvis ein god del på at backpackera kjøpte denslags, pluss brus, chips, og anna snacks der. Han var og svært villig til å ta inn ting me var ute etter, og sa i frå om når neste vareleveranse var.

Utanfor butikken stod det ofte litt folk og røykte og prata, desse såg ikkje ut til å bry seg

nemneverdig om backpackerane, men som eg kjem tilbake til seinare, var det grunn til å tru at dei var ein del av den litt meir uformelle økonomien, og følgde godt med på kven som kom og gjekk, då fleire av dei som stod der ofte passa beskrivelsar av ransmenn.

Nabolaget som heilheit var altså prega av at det var eit ganske fattig område, med øyer av gated communities, og med eit hostel med gjester som var mykje rikare enn den vanlege mannen i gata, og derfor ein ressurs som dei gjerne ville ha med å gjere, sjølv om med unntak av Paco i butikken rett ved hostelet var ingen som retta seg spesielt mot backpackera.

3. Samtalar om ran i ei typisk backpackerkontekst: Hostelet

I dette kapitlet vil eg sjå på korleis ransamtalane utartar seg, og konteksten dei er i. Første del av kapitlet er ein beskrivelse av opphaldet mitt på hostel i Cali, som dannar konteksten for mykje av oppgåva, og andre del av kapitlet ser på sjølve samtalane, då også med materiale frå backpackermiljøet i Bogotá.

Steget inn på hostelet i Cali

Hostelet eg tilbragte eit døgn på bestilte taxi til meg, ein heilt standard teneste så godt som alle hostel tilbaud, og på den korte taxituren blei eg nærmast intervjuet av taxisjåføren, som med lange dreadlocks, hua med mønster frå det jamaicanske flagget, og ei viss marijuanalukt i bilen, blei svært glad når eg sa eg hadde tenkt å vere i byen i lengre tid, og ga meg telefonnummeret hans så eg kunne ringa han direkte, både for taxi og marijuana. Han hadde kombinert jobben som langar og sjåfør. Bydelen eg skulle til var berre nokre kilometer unna, så taxituren gjekk fort, og denne gongen var det ingen problemer med betaling, turen gjekk etter dei satte prisane, noko som skulle visa seg å vere standard når dei var bestilt gjennom hostel.

Det hadde vore hosteldrift der i litt over fem år, på tida feltarbeidet foregjeikk, men når eg kom der var det lite som såg ut som eit hostel, eg blei berre møtt med ein over to meter høg mur, med garasjeport og dør. Rett innom muren mellom desse voks eit enormt tre, som vokste breidt, og med

greiner som hang nedover fortauet. Det var svært gjenkjenneleg og fungerte som eit kjennemerke for å finna fram, og det var sånn eg visste at eg faktisk var på riktig stad. Eg betalte taxien, som stod og venta for å sjå om eg slapp inn eller ikkje, og om eg då eventuelt skulle vidare. Det var ikkje trygt å berre stå åleine på gata her, sa han.

Hostelet var ein gammal villa, med mur rundt eigedommen som skjerma eigedommen frå gata og naboane, og frå utsida var det derfor umogleg å sjå korleis det var på innsida.

For å komma inn, måtte eg ringa på døra, og bli «buzza» inn av ein av dei ansatte i resepsjonen, som følgde med på overvakingskamera. Døra blei åpna, og eg gav tommel opp til taxien, som då kjørte avgarde. Når eg kom inn døra stod eg på ein tilarbeida sti i hagen, med villaen framfor meg. No var eg komen forbi sikkerhetsstrukturane, og dørene til hovudbygget stod alltid opne. Hagen gjekk heile vegen rundt hovudbygget, men på denne sida var det ikkje mykja anna enn tilarbeida hage, innkjørsel, og hovudinngang. Når eg kom inn var eg i ein open gang som gjekk tvers gjennom midten av huset, og forbi resepsjonen på høgre side, kom ein ned og ut på andre sida av bygget, der det var ein stor terrasse med tak over, bar, hengekøyer, grill, og til høgre i hagen var det badstove, dampstove og eit stort utandørs basseng.

Inne i hovudbygget var fire sovesalar og ti andre rom til leige, som varierte frå enkle rom med dobbeltseng med og utan eige bad, til ein større suite med eige boblebad; tv-stove med projektor, og ei anna stove med eit biljardlignande spel. Sidan vêret i Cali stort sett var godt over tjue grader, stod det meste open heile tida, også under regntida, og dei fleste sat ute på terrassen eller rundt bassenget.

Det var noko meir luksuriøst enn det eit hostel ofte var, men var og ganske billeg sidan det låg litt unna sentrum, og på grunn av dei faktorane var det fleire – i tillegg til meg – som blei verande i vekevis på hostelet, og det var derfor gode muligheiter for å sjå korleis folk endra vanar etterkvart, og korleis kunnskap om ran blei utveksla.

Som eit lite sidenotat kravde hostelet at ein førehandsbetalte i minst tre veker for å utløyse rabatt på 20%, noko som var ganske uvanleg. Vanleg praksis i Colombia var at ein fekk rabatt på 15-25% om ein reserverte for ytterligare 3-4 dagar når ein allereie var gjest. Dette var nok ein alltid gjorde på hostelet, og det var derfor vanleg praksis for reisande å maks bestille to netter gjennom tredjepartstjenestar som hostelworld.com eller liknande, eller å berre møta opp utan

forhåndsreservasjon som eg sjølv gjorde, men me som gjorde det var nok i eit mindretal. Me var fleire som nytta tilbodet om redusert pris, sjølv om det var ein viss skepsis til det, sidan me måtte binda oss så lenge. I tillegg måtte ein ned til sentrum for næraste minibank, og det var då ein solid slant pengar ein skulle reise tilbake med, noko dei fleste av oss var ukomfortable med.

Andre reisande og informantar

Første dagen eg var der, fekk eg kontakt med tre tyskarar som reiste saman, og hadde komen til hostelet berre nokre dagar før, og ein argentinar som sjekka inn same dag som meg.

Tyskarane, som alle tre var rundt tretti år, kom frå det dei kalla «junglist»-miljøet i Berlin, og hadde alle mange tattoveringar, piercingar, langt hår, og ein ganske slitt og punkete klesstil. Eg fekk kjapt kontakt med denne gruppa ved heilt enkelt å drikka øl og sei hei. Eg hadde då vore i Colombia nokre veker, og vore innom fem byar før Cali. Dei hadde vore i landet litt lengre, men kom før det rett frå Tyskland, så hadde ikkje den store latin-amerikaerfaringen ennå, i motsetning til det mange andre reisande ein møtte påberopte seg etter å ha reist rundt regionen i meir enn seks månadar.

Argentinen, José, som var 23 år gammal, blei ein viktig informant, der han bidro til ransnarrativa på fleire måtar enn forventa, blei over dei neste dagane trekt inn i den nyforma gjengen, i tillegg til to damer frå Mexico og Spania, eit tysk par som sykla rundt landet, andre. Men dei fleste av desse reiste vidare etter nokre dagar eller ei veke, mens den tyske trioën, José og meg blei verande i minst ein månad, og forma derfor noko av ei kjernegruppe.

Dei tre tyskarane opptådde nesten alltid som gruppe, Karl var den mest fremtredande av dei, etter det dei sjølv sa var det fordi dei andre snakka dårlegare engelsk – noko dei gjorde – og når dei gjekk over til tysk, som ofte skjedde midt i ein samtale, var dei to andre like bråkete og aktive. Men for oss som ikkje snakka tysk, blei det Karl som blei hovudkontakten i trioën, og den me hadde mest kontakt med. Han jobba som stillasarbeidar i Berlin, som ekstern kontraktør, og hadde dei siste åra

komme inn i ein rytme der han jobba mykje, til han hadde spart opp nok pengar til å reise nokre månadar. Han hadde vore fleire gonger i sør-aust Asia, men dette var første turen til Latin-Amerika. Dei to venene hans var frå det same undergrunnsmiljøet i Berlin, junglistmiljøet, og dei var eit reisefølgje frå starten av, og ikkje eit spontant reisefølgje som ofte oppstod undervegs.

Ifølge denne trioen – og det må innrømmast at det var med det eg fekk lett tilgang – var det ingen dagar det var feil å ta nokre øl på, og det gjekk sånn mang ein kveld med desse tre, José, og andre reisande som var der i kortare tid.

José frå Argentina fortalde oss på litt gebrokken engelsk at han hadde reist i over sju månadar, og at han hadde ein pause frå jusstudiet. Han hadde ikkje mobiltelefon, og snakka med faren i Argentina nesten kvar dag, når sistnemnde ringte hostelet direkte. Han hadde ei open og positiv utstråling, og var svært utadventt, og med både engelsk og spansk var det lite språkbarriere i vegen for sosialiseringa hans på hostelet, og han var ofte den som hadde kontakt med flest av dei besøkande.

Etter nokre få dagar fekk han ordna seg ein avtale der han fekk bu gratis på hostelet, mot at han tok nokre vakter i resepsjonen, og ellers hjalp til. Dette var ganske vanleg praksis på hostel (med mange unntak, enkelte var reint profesjonelle), og desse frivillige blei fortsatt rekna som backpackera av dei andre, og ikkje som hostelarbeidara. Der ein kanskje skulle tru det var ein situasjon der dei havna i gråsona, fann eg altså ikkje det, det lot til at det var ingen som såg på dei frivillige som noko anna enn backpackera som fekk til å reise endå billigare.

Det her var eit av karaktertrekka til José, at han alltid skulle spara pengar, og leita etter nye muligheiter for å tena ein slant.

Russel var ein britisk mann som var på hostelet heile den same perioden som meg, og etter at dei overnemnde hadde sjekka ut, var han den einaste som hadde kome samtidig som meg som fortsatt var der, sjølv om andre som blei over fleire veker naturlegvis hadde sjekka inn. Russel hadde reist i seks år, og skilde seg noko ut frå den jamne backpacker med det. Han var i trettiåra, og for han var dette livet, han var programmerar og jobba på hostel, og var sjølvstendig næringsdrivande. Han sat stort sett for seg sjølv med pc-en, og hadde ikkje så veldig aktiv interaksjon med dei andre, men sidan eg over lengre tid og sat med ein pc eg tok notat på, utvikla det seg etter nokre veker eit venskap.

Ein dag fortalde han at han hadde hatt ein jobb der sjefen hadde vore ufordragelig, og han hadde slutta og sagt at han aldri skulle jobba for nokon andre igjen. Etterpå hadde han pakka ryggsekken og begynt å reist, og han hadde ikkje vore tilbake til England på seks år, men heldt kontakten med familie og vener over Skype.

Russel var fugleentusiast, og hadde fleire bøker om identifisering av fuglar med seg, og fortalde at han reiste til områder med mykje artsmangfald – Valle del Cauca var perfekt sånn, sa han – og deltok på konferansar om fugl der han hadde moglegheita. Han hadde kombinert hobbyen sin, med yrket, og laga applikasjonar for mobiltelefonar for å identifisera fuglar. Han sa han tente ikkje nok på det til å bu i England, men nok til at han kunne fortsette å reise, og bu på billege hostel. På grunn av tidsperspektivet brukte han mindre pengar enn dei fleste på reise, då han ofte var på kvar stad i fleire månadar, og sa han pleide å reise vidare når visumet gjekk ut, vanlegvis etter seks månadar.

Sjølv om Russel ikkje deltok mykje i dei større sosiale hendelsane på hostelet, blei det mange små samtalar oss i mellom, om alt frå tryggleik og personlige ranserfaringar – me opplevde begge å bli forsøkt rana av den same mannen, til dømes – som har bidratt til oppgåva, og forma feltarbeidet.

I tillegg til desse fem var det naturlegvis utallege andre reisande som kom og gjekk, eit dusin hostelarbeidara som jobba alt frå fulltid til ein vakt i veka og dei lokale rundt, som bidro, men å introdusere kvar og ein er uoverkommelig, og neppe naudsynt.

Livet på hostelet

Frå første dag der oppfordra resepsjonisten oss til å ta taxi nedover til byen på grunn av at det var tryggare, og tilbod seg å bestilla. Me gjekk både den dagen, og dei fleste dagane den følgjande veka. Me var i tillegg til nye i byen, også ganske nykomne i landet. I småpratene nedover mot byen trakk me motivet til dei hostelansatte under tvil: Det var normal praksis at hostel hadde ein avtale med ein taxisentral, og det vart spekulert i om dei tjente noko på kundehenviingane. Spørsmålet

då var om råda om taxi var for vår tryggleik, eller deira profitt.

Det fekk eg aldri heilt tydeleg svar på, sjølv om eg prøvde å få klargjort det på tre forskjellige hostel. Dei sa berre at dei hadde ein avtale, utan å ville sei noko meir. Då taxi var ein etterspurt teneste som det var forventa at hostel hadde tilrettelagt, er det mulig at det er og alt det var, og at hostella ikkje hadde noko vidare motiv enn det, på same måte som andre ting som folk forventa, men dei ikkje tok direkte betalt for sjølv, som henvisning til vaskeri, tilgang til internett (som var gratis på alle hostella eg besøkte i Colombia) og liknande, og derfor inngjekk i den totale pakka. Om ein går utifrå at hostelet kanskje ikkje tener direkte på taxier, men treng berre å ha tilrettelagt for det, blir det då meir sannsynleg at råda handla om tryggleik.

Når me den første veka gjekk ned til byen var det gjennom parken beskrevet ovanfor. Som nemnt var det ein gjeng der som selde narkotika som marijuana, kokain og MDMA. Dette var gruppa eg var i – den tyske trioen, José, og eit tysk par som sykla gjennom landet som berre var i Cali nokre dagar - interessert i, så som spansktalande tok José på seg rolla som mellommann, og ordna til nokre gram marijuana. Han utveksla telefonnummer med fleire, og resten av opphaldet hans på hostelet kjøpte han av desse, og selde vidare til andre på hostelet, ei rolle som langar han delte med ein av dei ansatte som vanlegvis hadde nattskiftet. hostelet hadde reglar om ingen narkotikabruk på hostelet, men som nattskiftet ignorerte, og det var derfor kun på den tida av døgnet dei kunne røyke marijuana, utan truslar om å bli kasta ut.

Me sat oss nederst i parken, heilt ned mot bykjerna, der det var store samlingar av folk, som sat oppover skråninga. Dei fleste drakk, røykte, nokre dansa, og det var tydeleg at det var folk i 20-30-årsalderen som var ute for å hyggje seg. I denne settinga tiltrakk me oss lite oppmerksomheit, til tross for at dei fleste andre virka lokale. Mot midnatt gjekk me tilbake til hostelet den same vegen, gjennom parken.

Her må jo nemnast at blant backpackera i Colombia, var mange interessert i å røyke marijuana ofte, og ein del tok kokain og MDMA når dei skulle ut på byen. Som ikkje-røykande fekk eg ofte ein del spørsmål om kvifor eg då hadde reist til Colombia, som om narkotika for enkelte var einaste grunnen til å reise der, men det viste seg då at sjølv om narkotika var svært tilgjengelig, haldt fortsatt ein god del av backpackerane seg til alkohol og/eller røyk, eller ingenting, så eg stod ikkje i ein unik posisjon der. Det var derfor eit stort behov for tilgang på spesielt marijuana i hostelverda som José i dette tilfellet var med på å dekkja.

Til tross for at José dreiv med dette, blei det tydeleg etter ei stund at han aldri egentleg hadde kontantar med seg, eller, det var i alle fall det han sa. Første gongen me reiste ut på byen, den første helga me var der, hadde han korkje pengar til inngang, øl eller taxi tilbake til hostelet, og andre endte opp med å betale for han, for ingen ville heilt berre forlate han heller; han gav jo inntrykk av å vere ein svært hyggeleg kar.

Etter vel ei veke skulle han vere med meg til dyrehagen, og var tydeleg informert om at den kosta 16.000 pesos (circa 45 kroner) i inngang, men når me kom ned der viste det seg at han ikkje hadde med pengar då heller. På dette tidspunktet visste eg at han skyldte fleire på hostelet pengar, og eg byrja å mistenkje at dette ikkje berre var gløymsken, som han passerte det som, men strategi. Eg betalte han ikkje inn, og gjekk i dyrehagen åleine. Dyrehagen var ikkje lange avstanden vekke, så neste gang eg var spurte eg om han skulle vere med igjen, om han hadde pengar med seg no, men då sa han at han ikkje var interessert.

Beløpet var ikkje stort for meg, men det var meir prinsippsak. Både som backpacker og antropolog blir ein jo åtvare mot at folk kan prøve å utnytta deg økonomisk, og eg likar i tillegg ikkje å bli lurt. Til alt hell hadde dette egentleg lite å sei for den vidare relasjonen med José. Han spurte meg aldri om pengar eller liknande igjen, men ellers fortsette ting som før, og han var stadig ein av dei mest sosiale menneska på hostelet, og blei alltid kjent med dei nye, og var såleis nyttig som brubyggjar og eg som då heldt meg litt meir i bakgrunnen hadde ein enkel måte å koma i kontakt med folk. På den tida var fortsatt hovudfokuset mitt feltarbeidet i dyrehagen – som seinare blei avbrutt – og skrivinga om det som føregjekk på hostelet var noko eg mest heldt på med for moroskuld, som beskrevet i innleiinga.

Scena blir sett for ran

Nokre hundre meter frå hostelet var ei kort gate, med kioskar, bakeri, ein liten daglegvarehandel, ein skule og fleire gateboder som solgte mat. I starten gjekk me her for å kjøpe mat og liknande, både på dag og kveldstid. Som nemnt ovanfor var me fleire som hadde kome til hostelet berre nokre dagar frå kvarandre, og det var ikkje då andre langtidsbuande der frå før av.

Etter omtrent ei veke blei José – og ei jente frå eit anna latin-amerikansk land som hadde sjekka inn same dag, og reiste igjen nokre dagar seinare – rana med pistol på vegen mellom hostelet og den overnemnde gata. Det var tidleg på kvelden, i sju-åtte-tida, men sola gjekk ned cirka klokka seks kvar dag, og med Cali liggande så nært ekvator, blei det mørkt som om det var natt nesten med ein gang sola forsvant.

Etter å ha blitt buzza inn hovuddøra til hostelet prata dei først med dei ansatte, og vurderte å ringe politiet, og etterpå kom dei ned på terrassen, der eg og den tysken trioan sat. José utbraut med ein gang at dei nettopp hadde blitt rana, og fekk sånn den fulle oppmerksamheita vår.

Jenta som var med han holdt seg litt i bakgrunnen, og ho hadde sminke smurt nedover ansiktet, og det såg ut som ho akkurat hadde grene, mens José full av innleving fortalde korleis dei berre hadde vore ein tur i kiosken for å kjøpe sigaretter og sprit, men på vegen tilbake kom det to unge menn på motorsykkel køyrande mot dei, og stoppa brått rett ved dei.

José fortalde at mannen som sat bak på motorsykkel hoppa av før dei fekk summa seg, trakk fram ein pistol, og skreik at dei skulle halda henda oppe. Mens José og jenta haldt henda oppe, ransaka han lommane deira for verdisaker. José hadde kun litt vekslepengar, mens jenta blei fråstole ein smarttelefon og heile lommeboka. Etter å ha tatt tinga deira, hoppa mannen på motorsykkelen igjen, og dei køyrde avgarde.

Sjølve forteljinga tok knappe minuttet, men etterpå stilte me oppfølgingsspørsmål, om nøyaktig kor det hadde skjedd, om dei hadde vore redde, om dei hadde bestemt seg for å kontakte politiet, og liknande. Mens dette haldt på kom det tyske paret som sykla gjennom Colombia, gåande. Ein av tyskarane snudde seg mot dei, peikte på José og veninna, og sa at desse hadde nettopp blitt rana på tysk, og dei snudde seg mot José og spurte kva som hadde skjedd på engelsk. José fekk spotlighten på seg igjen, tok scena, og fortalde med stor iver ransforteljinga om igjen, med både gammalt og nytt publikum, denne gongen la han til kor redde dei hadde følt seg, og forteljinga var litt meir detaljert enn forrige gong, etter å ha inkorporert ein del av det som kom i oppfølgingsspørsmåla første gongen.

Etter ei lita stund med prat om dette, skulle han bort til bassenget og fortelja dei som var der om dagens store hending, og me andre blei med. Sjølv om det var tydeleg at jenta var ein del meir påverka av ranet enn José, sidan ho faktisk blei frarøva skikkelige verdiar, blei ho og med å fortelje

no, og José begynte å ta på seg rollen som ranar, for å iscenesette korleis det hadde foregått.

Me forlot folka ved bassenget, og heile følgjet fortsette rundt hostelet, og ransforteljinga blei meir og meir dramatisert kvar gang den blei fortald på nytt, mens me som hadde hørt den første gongen fortsatt følgde med, og skaut inn kommentarar og oppfordringar.

Etter vel ein time var me gått tom for bekjente og sat oss ned på terrassen igjen med nokre øl. Seinare på kvelden kom det nokre nye gjestar bort og spurde om det var nokon av oss som hadde vorte rana. Dei hadde hørt om det frå nokon andre, og ønska å høyre forteljinga. José hadde den no innøvd, og framførte på dramatisk vis korleis det heile hadde gått for seg.

Akkurat denne episoden demonstrerer framifrå måten ransforteljingane verka som sosialt lim: Hostelet var stort, men mange fellesarealer, og folk hadde litt større terskel for å starte samtaler med framandfolk, enn i hostel med berre ei lita stove, eller liknande. Her tente ransforteljingane som bindemiddel, då det var noko dei fleste syns var både underhaldande å både snakke om og høyre på, og ikkje minst fekk ein ofte nyttig kunnskap om korleis ein skulle bli unngå å bli rana, eller korleis ein skulle te seg under eit ran for å unngå å bli utsett for vold.

Etterpå fortsatt praten rundt same tema, og me spekulerte i kor vanleg det var at sånt skjedde. Eg hadde på det tidspunktet vore i Colombia i nesten ein månad, og hadde ikkje møtt nokon som hadde vore ute for akkurat den forma for ran frå motorsyklistar, og det hadde heller ikkje nokon av dei andre. Me fortsatt å dela ransforteljingar frå andre stadar i landet, eller andre land, og haldt det gåande ei stund. Sjølv om det næraste eg då hadde vore eit ran, var at nokon trekte ein kniv mot meg og fire andre den andre dagen eg var i Colombia, og sprang vekk så snart nokon ropte «Policia!», hadde eg fleire annanhandshistoriar, og dei andre hadde liknande repertoar, så me kunne delta fullt ut i den vidare diskursen.

Kvelden utvikla seg sånn frå at José og veninna blei rana, og fortalde alle som ville høyre om det, på meir og meir innlevande og iscenesatt vis, til at me alle i flokken fortalde forskjellige historiar rundt ranstematikken, ofte med fargerike framføringar av korleis det hadde skjedd, med diskusjonar og innspel både under og mellom forteljingane om tips for å unngå liknande situasjonar, korleis ein skulle oppføre seg, og ikkje minst kven sin feil det var. Ein del av backpackerdiskursen var – som eg kjem tilbake til seinare – å ta ansvar og sjølv ta på seg ein viss del av skylda for å ha vore uansvarlig og havna i utsatte situasjonar.

Sjølv om aktørane bytta på å stå på «scena», tok folk etterkvart på seg forskjellige rollar. José, i tillegg til å vere kveldens ransoffer, var og Argentinar, og hadde brei erfaring med liknande frå heimlandet, og snakka då som ein viss autoritet. Eg og dei tre tyskarane som alle hadde reist nokre veker i Colombia, og hørt og opplevd litt forskjellige blei ikkje sett på som heilt nybyrjarar, men kunne ikkje snakka med særleg autoritet, spesielt sidan me var frå relativt trygge land i tillegg. Me reflekterte rundt det å gå ut til dei lokale butikkane etter det var mørkt ei stund, og snakka om risikoen ved dette, og tok opp igjen det med å ta taxi til byen, og blei litt meir positivt innstilte til det, men endra ikkje vanane umiddelbart der.

Etterspel

I løpet av dei følgjande dagane kom det sakte fram at motorsykelran i gata forbi hostelet slett ikkje var uvanleg, og at i alle fall ein av resepsjonistane pleidde anbefala gjestar når dei sjekka inn å ikkje bere med seg verdisaker når dei gjekk ut, men utan å spesifisere kvifor. Dei var mykje meir klar over risikoen enn me var, men såg ut til å utøve inntrykkskontroll over kva me skulle få vite. Dei ville ikkje sannsynlegvis ikkje skremma oss vekk frå hostelet ved å sei rett ut korleis det var, men ville samstundes ikkje at me skulle utsette oss for unødig risiko, då det igjen ville føre til flukt av gjester, og negative anmeldelsar på til dømes tripadvisor.

Dei neste to vekene var det to til liknande ran av hostelgjestar, og i ettertid forstod me at råda om å ta taxi me fekk, som sjeldant vart begrunna, nok var velmeinte og begynte å verke meir og meir fornuftige når oppfatninga av risiko og tryggleiksdiskursen begynte å endre seg innan i gruppa vår. Den faktiske risikoen var nok uendra, men det at me no var mykje meir klar over den førte til at vår følelse av tryggleik endra seg merkbart, i ein negativ retning.

I løpet av den første månaden der opplevde eg sjølv fleire ransforsøk, når eg gjekk nesten dagleg mellom hostelet og dyrehagen i Cali, der eg på det tidspunktet prøvde meg på eit feltarbeid. Eg fekk dermed sjølv eit ganske greit repertoar av forteljingar å dele med andre, men jo fleire gangar eg hadde ubehagelige opplevsar, og utveksla historiar om dei med andre, jo meir skeptisk blei eg til å gå rundt åleine, noko som ikkje var unikt for meg.

Sidan me var fleire langstidsbuande, så heldt me denne tryggleiksdiskursen gåande, og bygde sakte opp eit narrativ om kor farleg det var i området. Etter ein månad reiste reisefølget med dei tre tyskarane frå Berlin vidare, og José snakka om kva som var neste destinasjon for han. I mellomtida hadde det dukka opp fleire andre som planla å bli i fleire veker, heller enn kun nokre få dagar, som dei fleste gjorde. Mange planla å bli berre nokre dagar, mens andre planla lengre opphald, men ombestemte seg på grunn av at dei følte seg utsatt når dei forlot hostelet; ein diskurs me utvilsamt haldt gåande med all praten om ran, som nesten var eit daglegdags tema. Allikevel kom det fleire nye som blei over lengre tid, blant anna ein koreansk ung mann som var i Cali for å læra å danse salsa, og ein brite frå London som var der, etter egne ord, for å vere full og høg. Desse kom ikkje lenge etter at trioen fra Berlin dro, men det viste seg at det var dei som var limet mellom meg og José, så eg hadde ikkje same nære kontakten til han etter at dei var dradd, og tilbragte meir tid med Russel – programmeraren som hadde gjort backpacking til permanent livstil – og dei nyankomne.

Når me kom i prat med nye folk, var det ofte dei vanlege spørsmåla om kor dei næraste butikkane og restaurantane var, og då låg ransforteljingar knytta til å gå akkurat der og der nært overflata. Motivet for å dele desse med heilt nye, ukjende folk, kan neppe knyttast til ein faktor, men er sannsynlegvis ein kombinasjon av å ville åtvare dei mot aktuelle risikoar, og gje ein type «overlevelsestips», som omtrent alltid følgde etter ei sånn forteljing; forteljaren fekk oppmerksomhet, og kunne kontrollere kva inntrykk dei ville gje av seg sjølv i forteljinga; og etablere seg som ein kvalifisert og kunnskapsrik backpacker.

Desse er alle knytta saman, til dømes – og ein kan trekkje parallellar til korleis me ikkje tok rådet om å ta taxi til byen til etterretning i starten – var tips og strategiar for å unngå og/eller handtere ranssituasjonar noko ein trengte ein viss autoritet for å kunne komme med, og det var derfor naudsynt å ha relevante ranserfaringar å kunne fortelje om, og motiver til forteljaren blei trekke i tvil. Backpackera – i motsetning til hostelansatte – blei ikkje sett på som å ha noko økonomisk motiverte motiv knytta til å gje tips, og blei dermed sett på som meir troverdig.

Ein god backpacker i denne sammenhengen var nokon som ikkje berre hadde gode rutinar og vanar for å unngå å bli rana, men som kunne handtera å bli rana på ein god måte – som etter den rådande diskursen var å gje frå seg verdisaker, ikkje oppføre seg truande, og å sleppe frå det uskadd, heller enn å stritte i mot – og i tillegg takla etterdønningane på ein god måte. Måten dette skjedde blei kommunisert, og retorikken som blei brukt, vil bli sett nærmare på seinare, med utdrag frå ransamtaler. Ein vanleg tematikk var korleis det var backpackeren mot omverda, eller

omgivelsane. Ransrisiko blei ofte snakka om på same måte som vêret, og det var ein ganske stor skepsis til lokalfolk. Til gjengjeld stolte backpackera mykje på kvarandre, som del av same communitas, til tross for at ein ikkje kjende kvarandre. Det blei utnytta av somme.



Plassen eg vanlegves sat på hostelet. Baren var til venstre, fleire bord var til høgre, og hovudbygget låg bak meg. Her tok dei fleste av interaksjonane stad. Privat foto.

Tjuveri frå ein av våre egne

José, argentinaren som opplevde ran med pistol den første veka han var der, og var ein av dei mest sosiale på hostelet, og ofte ein iver deltakar i ransforteljingane, sjekka ut same dagen som 3-4 forskjellige typar elektronikk forsvant frå same sovesal han budde på. Blant anna forsvant nettbrettet til koreanaren, og ipoden til mannen frå London. Utenom det var det ingen bevis på at det var han, og det kan ha vore eit samantreff, men i dei påfølgjande samtalane utpå kvelden, var opinion mot han, og dei fleste var einige om at det var han som hadde tjuva til seg nokre ting, og så reist så kjapt han kunne. Det kom og fram frå oss som hadde vore der ei stund at heile opphaldet han hadde vore der, hadde han ikkje betalt for å bu, sidan han hadde jobba litt frivillig på hostelet, og at han skyldte pengar til nesten alle. Alt frå summer som 30-40 kroner til meg, til fleire hundre kroner til enkelte. Det virka derfor at han hadde som strategi å ha nullforbruk, og klarte dette ved å jobba frivillig, og tene pengar på omsetning av marijuana og lån av pengar for å finansiere mat og anna. Når han i tillegg sjekka ut så plutselig, utan forvarsel, verka det mistenksomt.

Kva som faktisk skjedde med den forsvunne forbrukarelelektronikken var ikkje viktig, ingen av oss kom til å sjå han igjen, og han var på eit fly til eit anna land. Men sosialt sett fekk det følgjer. Mens ein tidligare hadde rekna hostelet som ei trygg sone, der ein til dømes kunne ha verdisaker liggande opent ute mens ein forsvant på toalettet, blei det no omdefinert til ei risikosone. Ikkje på same måte som verda utanfor, der me no regna risikoen for ran som omtrent dagleg, men eit område der ein ikkje lengre kunne stole på sine egne som var del av same communitas, noko som førte til større skepsis ovanfor nykomne. Dei av oss som hadde snakka saman etter at José var reist, valte likevel å stola på kvarandre, og bad kvarandre ofte passe på tinga til kvarandre om ein nett skulle noko. Så mens ein del av communitasdiskursen slo sprekker, virka det samlande på akkurat den konkrete gjengen som skyldte alt som var forsvunne på José. Samlande nok til at me blei ei stund til.

Utsjekk og gjenkomst, og endelig farvel

Nokre veker seinare var heile hostelet tinga for ein bedriftsfest, og me som var der måtte finna anna stad å opphalde oss i tre netter, og så eventuelt komma tilbake. Av oss langtidsbuande, var det ingen av oss som reiste på same hostel, ei heller hadde konkrete planar for kva me skulle etterpå, og sa derfor farvel til kvarandre. Likevel, tirsdagen etter, første dagen det igjen var ledig, sjekka me inn igjen, den eine etter den andre. Til tross for at me følte oss utrygge i området, reiste me tilbake der utan at det var avtalt, mykje for å sjå om dei andre og kom tilbake. Livet fortsatt då mykje som før, med gradvis stigande trusselvurdering, etterkvart som nye ransforteljingar kom inn, og me som hadde vore der ei stund, la det til den allereie eksisterande diskursen.

Dei ansatte på hostelet begynte å krevje at me skulle skriva positive omtalar på tripadvisor og liknande for å få rabattert opphald, nok som ein reaksjon på at fleire av dei som hadde vore der den siste tida hadde gjedd dei svært negative omtalar, etter å ha blitt rana i nærområdet.

Tryggleiksdiskursen som blei haldt gåande var ikkje stabil, og blei stadig forsterka, og ein kan spørja seg kor lenge det kunne halda fram, før noko kollapsa. Det som skjedde for oss var at ein dag kom det to menn bak ein som blei buzza inn på hostelet, frå ein vinkel der dei ikkje var synleg på kamereat, slo han ned bakfrå då døra åpna seg og han var på veg inn, tok seg inn på hostelet og vifta rundt med pistolar. Dei var ikkje inne på hostelområdet i meir enn eit minutt, men fekk tatt verdisaker frå 5-10 personar, pluss kontantar frå resepsjonen. Dette var eit totalt brot i tryggleiksfølelsa, og neste morgon sjekka nesten samtlege gjestar ut frå hostelet.

Dei følgande to månadane blei feltarbeidet fortsatt på forskjellige hostel og caféar i Bogotá, og fleire gonger møtte eg folk som hadde vore på det same hostelet i Cali som har vore omtalt her, og hadde hørt ingenting om kva som hadde skjedd der når eg reiste, til tross for at det var akkurat dei same ansatte på hostelet. Dei hadde gjennom strategisk inntrykkskontroll latt ver å fortelje om dette til nye gjestar, som då sannsynlegves – om dei blei over lengre tid – ville opplevd den same gradvis endra tryggleiksdiskursen som me gjorde.

Samtaler om ran

Nesten det første José gjorde etter å ha blitt rana, var å fortelje oss andre om det. Me var jo allereie i den same sosiale sirkelen, og det er ikkje i så måte overraskande. Men så går han vidare, med oss på slep, for å fortelje det til andre gjestar på hostelet. Gjennom feltarbeidet mitt viste det seg at det var svært vanleg at heilt framande villig delte av desse opplevelsane med kvarandre, til tross for at dei ofte sa dei hadde følt seg audmjuka som ransoffer.

One evening at my hostel, I saw an American man in his late twenties - that I'd exchanged a few words with the previous day – outside smoking. From the day before, I knew he was travelling alone, and only for a month or so. I went to join him.

«Hey, what's up?», I said.

«Man, I just got fucking robbed», he replied with an exasperated voice, and drew deeply from his cigarette.

«What, like, right now?», I asked, a bit uncertain of how to proceed.

«Yeah, they took all my cash, and a necklace from my mom. I don't care about the money, but damn, that necklace just hurts.»

«They didn't take your phone or anything else?»

«No, luckily I didn't bring it. So at least I did something right.», he said, bitterly.

At this point, having seen us sitting outside, a French woman, an American

woman, and another American man joins us, they are all in their late twenties travelling alone. They are quickly brought up to speed of the tale so far.

«So where did you go, and what were you doing?», inquired the American woman.

«I was just walking around exploring, it wasn't that far from here. And I was in this street, it wasn't in a bad neighbourhood or anything, it was a street off the big street just down the road. And there was this guy just bicycling next to me, and he just kept my speed, and I thought - hey this is a bit dodgy – and that's when I noticed the street was kind of empty, even though we were just a few meters from the entrance to the big street. Anyway, right after I thought that, someone who'd snuck up behind me just grabbed the necklace I had, and pointed something into my back, I mean, I thought it was a knife, but I didn't turn around to check, you know? Anyway, so the guy on the bike got off the bike and searched through my pockets, and then he got on the bike again, and the guy behind me tore off the necklace and ran off.»

«I would've just pulled a blade», the other american man said, resulting in outbursts of «What?!» «No, that's stupid!» and the like from the others, until the French woman, by raising her voice the most, took control of the conversation.

«Trying to fight is stupid, you lose some money or your phone, so what, those things can get replaced, if you try to fight, or have a knife or something, maybe you scare them away, or maybe they stab you, maybe kill you! Is that worth it for your money? Of course not, if you can run away, okay, but otherwise never fight! It's stupid! Better to avoid being robbed in the first place by being careful, but if it happens, never fight.», she said, while gesturing to the second american who had mentioned the knife.

The American who had been robbed agreed with this sentiment, and the one who had raised the point of self-defence didn't push the issue further.



Det var i ei sidegata berre nokre meter frå denne hovudgata at den amerikanske mannen blei rana. Privat foto.

Den franske kvinna som fortalde seinare på kvelden kor ho hadde reist, og at ho hadde reist mykje, men at Frankrike uansett ikkje var så trygt som me andre sikkert var vant til, i Skandinavia og USA. Ho syns strategiane for å unngå lommejuveri, til dømes, var latterligare, for det var jo ting som alle oppegåande folk gjorde uansett.

Det illustrerte kanskje litt av dei forskjellige opphava, mens eg og fleire andre kanskje kom frå litt meir naive verdensbilete og måtte tileigna oss nye strategiar, var det ting som for lengst var internaliserte for ho.

Samtalen fortsatt ei god stund til, og sklei etterkvart ut i lausare snakk om jobb, utdanning, reise, heimland, og liknande, og viste sånn sett kor effektiv emnet var som samtaleopnar.

Uansett viser også denne casen kor lett det er å trekke folk inn i ein sånn samtale, det er både underhaldningsverdi, potensiell viktig informasjon - om det er område eller situasjonar ein bør unngå ein ikkje var klar over -, og ikkje minst, noko omtrent alle kan forstå, og bidra til.

Vidare kjem det inn eit trekk som gjekk igjen, det var gjennomgåande negativt sett på å aktivt forsvare seg. Amerikanaren som nemnte at han ville berre ha trøkke fram ein kniv blei irettesett, med større frå dei andre, noko som var eit trekk som gjekk igjen.

Eg følgde opp med å spørje mannen om dette, og han sa at han kom til å fortsette å ha kniv i lomma, men kom neppe til å nemne det til andre reisande igjen på grunn av den negative tilbakemeldinga. Sjølv såg han på det som ein grei strategi ovanfor ran.

Ein anna gong var det Russel, briten frå hostelet i Cali, som kom bort til meg etter å ha vore nede til kiosken for å kjøpe øl, og hadde opplevd å nesten bli rana.

Eg sat med eit bord ute på terrassen på hostelet og las, når Russel kom tilbake. Han hadde gått eit kvarter før for å kjøpa øl, då han syns det var for dyrt å kjøpa til hostelprisar. Han hadde sagt på forhand at han berre skulle ned til kiosken rett ned i gata, og kom snart tilbake, og hadde spurt meg om eg kunne halda eit auge med tinga hans, noko eg sjølv sagt sa ja til.

Sidan han generelt sett var ganske ordknapp, forventa eg ikkje meir enn ein kort dialog når han returnerte, men han kom inn med eit energisk vesen, sette frå seg

posen med øl, og snudde seg mot meg, og spurte om eg kunne beskriva ein som hadde prøvd å få meg til å gje han mobilen min forrige veka. Eg beskreiv mannen, circa på min alder (seint i tjuåra), kort, men tettbygd, halvlangt hår, lutande holdning, og muskuløs, og han nikka attkjennande.

Han fortalde då at nokon som passa beskrivingar hadde stått utanfor kiosken, og gått bort til han, og sagt lavt at Russel måtte gje han pengar. På same måte som med meg veka før, så hadde han ikkje trøkke fram kniv eller kome med truslar, men det var tydeleg av mannens holdning og veremåte at dette ikkje var tigging. Russel hadde berre sagt nei, og gått raskt tilbake til hostelet. Etter å ha utveksla beskrivingar, blei me einige om at dette var same mannen, og sidan han hang utanfor kiosken me begge gjekk til nesten dagleg, at han kanskje var lokal, og i tillegg kanskje kjende kioskeigaren.

Tre irske kvinner frå Limerick, i midten av tjuåra, som berre var nokre få dagar på hostelet, men som eg allereie hadde fått kontakt med, kom ned på terrassen, og sette seg med oss, og me gjenfortalde forteljinga om korleis me sannsynlegvis hadde blitt forsøkt rana av same mannen. Dei spurde om det eigentleg var lurt å sei nei til sånt, og Russel sa at han hadde med ein gang gjedd han det han hadde om han hadde følt seg skikkelig trua, men han vurderte det sånn at den potensielle ransmannen var minst like redd som han hadde vore, og at han derfor ikkje hadde vore i så stor risiko.

Ei australsk kvinne på 21 som kjende dei tre irske kvinnena, men ikkje meg eller Russel kom no bort til oss og blei med i samtalen. Både eg og Russel hadde sett ho dagleg i nesten ei veke, men fram til no ikkje hatt direkte kontakt med ho. Dei tre irske kvinnene sa at dei hadde vore ute kvelden før, og gått rundt i byen i nestan ein time på leiting etter ein kiosk som selde alkohol, då dei syns nattklubben dei hadde vore på hadde vore for dyr.

Me andre uttrykte sjokk ovanfor dette, og meinte det var uforsvarleg å surre rundt i byen nattetid. Det kom i samtalen fram at dei hadde kun vore i landet i ei veke, og skulle tilbake til Irland om to veker, så dei var ikkje på ei lengre reise, som dei fleste andre var.

Samtala her har – til tross for at Russel ikkje faktisk blei rana – mykje til felles med samtalen ovan. Det er noko som akkurat hadde skjedd, og den som hadde blitt utsett for det ynska å dela. Vidare følgjer den eit mønster med først deling av kva som skjedde, noko som alltid skapte engasjement blant tilhørarar, før den gjekk over til kva som eventuelt kunne ha gått annerleis, og korleis ein burde oppføra seg i ein sånn situasjon. I tillegg var det samtalar som var svært opne, og folk som berre gjekk forbi blei med, anten dei kjende ein eller to som var der eller ikkje; ran blei aldri behandla som eit privat tema, men heller noko offentleg.

Desse to samtalane er representative for korleis det normalt utspelte seg etter eit ran, eller ransforsøk, og mønsteret blir etterkvart veldig repeterande. Det ein kan leggja seg merke til er at ein del av innhaldet er normskapande, og gjekk igjen blant vidt framande mennesker på hostella i Colombia. Til dømes holdningar om korleis ein skal oppføra seg i forhold til ransituasjonar, spesielt med tanke på strategiar for å kome seg tryggast mulig ut av situasjonen. Det første eksempelet viser og framifrå korleis skapelsa av denne diskursen er ein innbakt del av sjølve narrativet, der den franske kvinna latterliggjer amerikanaren som snakkar om å ta med kniv. Haldninga om å vere passivt forsvarande, heller enn aktivt, spreidde seg sånn vidare blant alle tilhørarane, med unntak av amerikanaren sjølv, som tenkte det var best å ikkje ta det opp igjen.

I neste tilfelle har dei tre irske kvinnene svært lite erfaring med ran, og blir irettesett for å ikkje ha tatt forhandsregler kvelden før.

I tillegg til samtalane som oppstod som direkte resultat av at nokon hadde vore utsett same dagen, var ran eit tema som ofte gjekk igjen, både på hostella blant reisande, og på caféar som retta seg mot backpackera, der eg og kom i kontakt med vestlege som jobba med å tene pengar på backpackera. Følgande utdrag handlar om eit møte på ein sånn café, med to som var fastbuande. Dei som jobba der var alltid svært pratsomme, og spurte alle nye fjes kven dei var, og kva dei gjorde, om dei var reisane eller skulle bli. Sidan kafeen var så liten, og det var mykje faste kundar, var dette og eit lokale der ein kunne komma inn og setja seg for seg sjølve, men kjapt bli dradd med i samtalane i rommet, då alle sat nære nok til å få med seg omtrent alt. Kvinna i denne samtalen var rundt 40, amerikansk, og hadde budd i Colombia i fire år, og dreiv eit hostel i nærområdet. Mannen

som dreiv kafeen var australsk, og midt i trettiåra.

Kafeen låg i hjartet av gamlebyen i Bogotá, som og var det mest populære turistområdet, og var ein liten kafe som fokuserte på frukostar vanlige i den engelsktalende sfæra. I følge eiar og daglig leidar var målgruppa hovudsakelig ryggsekketuristar og vestlige immigrantar.

Det litle lokalet hadde kun fira bord, men to benkar kvar, og ein såg rett inn på kjøkkenet, der det akkurat no var kun ein på jobb. I tillegg var det ein liten krok - avskilt frå området med bord med ein bardisk – med eit par barstolar, der vennar eller faste gjestar ofte hang, kun for det sosiale, men som stod tomt i dag.

Me kom begge for å eta frukost ved opningstid, og eigaren introduserte oss for kvarandre, og ho foreslo å dela eit bord. Ho spurte kva eg gjorde i landet, om eg berre reiste, eller skulle jobba, eller kva. Eg svarte at eg haldt på med eit masterprosjekt, der eg snakka med folk som har blitt rana på gata i Colombia. Utan vidare oppfordring byrja ho å snakka om gjestar på hostelet hennar som hadde blitt rana, og måten ho forholdt seg til det.

«I had one american man a few months back who was going to bike through Colombia, he came here with fancy new gear, expensive looking bicycle, professional looking sports wear, and I warned him that Colombia wasn't that safe. He set out, and about seven hours later he came back to the hostel in a cab – that I had to pay for – with only the clothes on his back. He'd barely made it to the edge of the city before he was jumped. His own damn fault, he should have listened. So the next day he went to the US embassey to get a new passport, emergency money, that kind of stuff, right? And on the way back, he gets fucking robbed again! I mean, he just couldn't keep a low profile, went around being boisterious, drawing attention, flashy gear, I mean, come on, he was basically asking for it!»

She went on to elaborate about how it was a problem with naive westerners, who came and didn't realise which precautions they ought to take, although she admitted you could be robbed in spite of taking precautions, but in that case, it wasn't necessarily your own fault. Robberies were a fact of life in a country like this, she explained, and something that would probably happen sooner or later, and fretting about it too much was pointless.

When we were both done with our breakfast, and still talking about robberies, the Australian café-owner and chef came over to clean the table, and as he knew both of us he picked up on the conversation, and joined in.

«Robberies eh?», he asked in a friendly and curious tone.

«Yeah, I'm doing a project about people who've been robbed now.», I answered, and he sat down, and without further prompting started telling us his own story.

«Oh, did I tell you I got robbed a few months back? Yeah, I was up north at night, I was going home, and fucking five guys jumped me! At first I managed to run away, but they caught up with me, pinned me to the ground, gave me a light beating, and took all my stuff. One of them showed me a knife and told me to get the fuck outta there. I got to a bus stop, but didn't even have any change left, so I had to beg this old Colombian guy for money, so I could take the bus. I was so fucking scared, man, you wouldn't believe it. When they ran after me, I thought that was it, I nearly shat myself. I got home, and I was safe and everything, and I mean I lost my phone and some money, and got a few bruises, but no serious injuries and it could've been so much worse», he told us in a tone that relied how scary he had found the experience, but also smiled throughout the whole thing, and we all laughed at bits of it, in between going «No, really?» «Oh my God» and the like. It was evident that he enjoyed telling the story, and was after the kind of reactions we gave him.

«Did you go to the police the next day, or something?», I asked, but he replied: «The police? Hell no, they wont help you. I mean the police might just fucking rob you as well, they're the same. And besides, it was my own fucking fault, I

never should've been in that area, at least not alone, after dark.»

More customers arrived, and the owner left us to take their orders and cook for them, but the hostel-owner I was sharing the table with added that she shared the same view on the police, and told me about how corrupt they were, and how they would often make up fines for foreigners who didn't know the local laws; but, she added, if people were so stupid that they fell for it, they kind of deserved it. As an example she said how smaller doses of drugs were decriminalised, but tourists who didn't know this would still get fined for possession, which in reality just meant the police taking all the cash they had on them at the time.

Before she had to go back to her hostel, I had time to ask her how much of the blame she put on the actual robbers, and she said that while she didn't condone them, she looked at them as very marginalised people who didn't have much of a choice, or just people who didn't know any better.

Samtalen med den kvinnelige hosteleieren var kanskje den mest polariserte når det gjald ansvar i ransdiskursen, av alle samtalanene eg hadde, sjølv om det var eit ganske vanleg syn å legge ansvaret på offeret. Det at ho hadde eit så sterkt synspunkt på det, ovanfor meg som ho knapt kjende, gjorde inntrykk, og eg opplevde i samtalen sjølv at det var vanskelig for meg å seie noko i mot. Scena var satt, forestillinga var i gang, og det var vanskelig å bryte ut av det spelet som var i gang (Goffman 1957), og narrativa fekk grobrunn.

Det låg og ein del frustrasjon bak hos hosteleigaren, som til stadighet måtte hjelpe ransoffer, så narrativet med skyld, tenar heilt klart ei rolle for å gjere turistar oppmerksame på farar, og gjennom annanhands deling av erfaringar får dei høyrd kva ein ikkje bør gjere.

Kafeeigaren, som var ein av fleire som snakka om påverknaden ransopplevelsa hadde hatt, kom med nyttig materiale ut over sjølv ranshistoria. Prosessen han snakka om, som eg og var kjend med, der ein plutselig får rokka ved verdensbiletet, og puttar heile grupper i «potensielt farlig»-kategorien, skapar eit kraftig «oss» og «dei andre» skilje. Når ein då etterpå utvekslar ransforteljingar med andre, er dette då lett ein av dei tinga som blir vidareformidla.

Circa to veker seinare snakka eg om ran igjen med kafeeigaren, og spurte han om ransopplevinga hadde endra måten han oppførte seg på, eller tenkte på ting, og det svarte han ja på. I starten sa han at han var veldig forsiktig med kor han skulle, og tenkte veldig på kor i byen han gjekk, spesielt når det var mørkt, og følgde veldig med på kor mykje folk det var i gatene. Han sa at i fleire veker blei han klar til å legge på sprang om colombianara kom for nær han, når han ikkje følte at han var i eit heilt trygt område, og han såg seg rundt konstant, for å holda seg orientert om kven som var kor, i gata.

Politinærvær, som det var veldig mykje i, i turistområdet der han jobba og budde, hjalp lite, sa han, dei skremte kanskje vekk andre kriminelle, men han stolte ikkje på politiet heller.

Fleire månadar etter ranet, hadde han gjedd slepp på angsten, og sa at for å vere der øve tid, måtte ein berre akseptera ran som ein del av livet, akkurat som dårleg vêr, og andre ting ein ikkje har kontroll øve, og underbygga samanlikninga med at det var ikkje noko ein kunne gjere med det når det kom, anna enn å halda seg innandørs, og det hjalp ikkje å skulda på nokon.

Det var klart at denne typen utveksling av historiar, i tillegg til å spreie råd om korleis ein ikkje skulle bli rana, var med på å spreie frykt og, som ein spesielt såg i Cali. Risikoen for å bli rana endra seg kanskje ikkje, men det den subjektive utryggleiken endra seg (Hylland Eriksen 2006:17).

Ein ser og at backpackerane ikkje er likestilte i desse samtalanene. Ein tar på seg rolla som ransoffer, som er noko ambivalent statusmessig. På ei side har dei begått ein feil, dei har blitt rana. Men gjennom å handtere ranet og ettertida riktig, viser dei at dei er kompetente til å takle livet som backpacker i Latin-Amerika.

Mens samtala med den sveitsiske hosteleigaren var ganske seriøs, blir andre forteljingar delt både som rein underhaldning, og som del av ein større samtale, til dømes om reiseråd.

Ein historie er om ein uheldig tyskar, som eg møtte seinare på dagen blei kjent med gjennom ei veker opphald i Cartagena, og møtte igjen fleire månadar seinare i ein annan by. Men han blei for meg introdusert i ei forteljing på hostelet, før eg faktisk hadde møtt han. Ranshistoria framstår veldig annleis i måten den blei fortald på enn dei andre, men har likevel ein rekke likskapstrekk som eg skal utforske.

The hostel in Cartagena was dead in the centre of the historical city, with an entrance to the street shared with a restaurant by the same owners. When entering the huge double doors, you stepped into a broad hallway, with the restaurant off on the left side. After 4-5 meters you entered a room with the reception in front of you. From there you walked to the left, and saw that you were in the main room and courtyard of the hostel, with only a thin wall separating the reception from the courtyard. From the courtyard there were doors to the dormitories each containing twelve beds on the left side, at the back there was one door to a private room, and on the right side were doors to the kitchen used by the restaurant, the toilets and the showers, respectively, before being back at the reception.

The hostel was – in other words – small, by most standards, with only one shared room, if a roof-less courtyard could rightly be called that. The courtyard had half a dozen small tables and stacks of plastic chairs, which we would normally organise into one longer table made up for 3-4 of the smaller ones, and we would sit around. After a few days, a stable group had formed, a few Germans, half a dozen Swedes, a French man and me. We were all around the same age, from 25 to 35, and mixed well together. We would sit in the same place most days, and every person that went anywhere in the hostel would walk right past us, so it was very visible, and the only place except the rooms where people would hang out at the hostel. New guests would generally either avoid us, or join the group quickly.

One day, an American man – having just checked out but not left the hostel, sauntered over to us. One of the Swedish women asked if he was leaving, and he confirmed, and stated that he was merely waiting for the taxi now.

The new arrival to our table caused a drop in the conversation, and after a brief moment of silence, the man asked:

«Hey, did you guys hear about the German guy getting robbed last night?»

We had not.

He looked encouraged by this, and continued.

«You guys don't know Gunnar? We were going out last night, and it just went completely insane. His phone was stolen. By prostitutes. That were men. Or something, drag queens. It was all very weird. The police came and everything», he said and ended it with a laugh.

By now he had the complete attention of everyone around the table, and sat down.

«Okay, so, we were going out, right? We were on our way from this club to, ah, I can't remember what our plan was, it never happened anyway. Anyway, yeah, we were walking down this smaller street, not an alley, just not a big street, and these women – we *think* – comes up to us, they start getting really touchy, I can just tell that they're men, and I just get away from that-»

«What do you mean, they were men?», one of the women interrupt.

«Okay, I don't really know what they were, if they were like, transsexuals, shemales, or just guys that dressed up in drag, or whatever, or if they were prostitutes or just robbing people like that, but yeah, Gunnar is really drunk and slow right, so when they're being all touchy-feely, they get his phone from his pockets! He notices and starts shouting «POLICIA, POLICIA», and they start throwing the phone back and forth and freaking out, and eventually they drop it and it smashes. The the police come, right, and this is the best part, like 40 policemen show up, all walking or on motorcycles, so there's no cars.»

The storyteller sits back grinning, clearly building up to something good, and we all egg him on to continue.

«So Gunnar wants to press charges and everything, to get money for a new phone. So they have to go to the station. But no police cars, right? So they walk. It was like 15 minutes, Gunnar, with three shemale prostitutes, or whatever they were, surrounded by the police. Marching through the city. It was fucking hilarious. It looked like the worst walk of shame, in the history of walk of shames.»

We were all enthralled by the story, and the conversation flowed easily for the next half hour until the storyteller left for the airport.

Several hours later, a tall blonde guy was suntanning in the courtyard, and one of the Swedish women and I came back to the hostel and sat down in the same area, and said «Hi» to him, and started a casual conversation to get to know him. We did not get far into it before he said something about being tired, because he'd been at the police station half the night, at which point we roared with laughter having identified him as the protagonist in the story from earlier in the day.

He laughed with us, but stated that he had hoped no-one at the hostel knew the story, as he feared he would never live it down.

Til tross for at mannen fekk telefon sin øydelagt, blei historia – som blei gjenfortalt kvar gang det var nokon nye på hostelet å fortelja den til – ikkje brukt avskrekkande, negativt, eller i nokon samanheng som eit ledd i å åtvare folk om farar. Den blei fortalt for latter, show og underhaldning.

Den har likevel mykje til felles med dei andre. Forteljaren kjente oss ikkje og brukte forteljinga effektivt for med ein gang å komme med i fellesskapet me hadde. Gjennom forteljinga, som han sjølv var med i, men hadde i følgje seg sjølv rolle som vitne, då alt som skjedde angjekk tyskaren, fekk han og skilt seg ut som den fornuftige parten. Og han sette kameraten sin opp til å bli latterliggjort gjennom historia, som fortsatt etter at han sjølv var reist, då me sjølv møtte tyskaren seinare på dagen.

Når eg møtte deler av dette reisefølgjet igjen fleire månadar seinare, blei denne forteljinga fortsatt lystig delt, no med tillegget at Gunnar hadde mista to til telefonar siden den gangen. Gunnar blei med dette framstilt som ein inkompetent backpacker, som har lav status når det kjem til å dele råd og reisetips. Det er med andre ord ikkje utelukkande positivt å vere protagonist i ein ransforteljing.

Det motsette perspektivet kom frå britiske Sarah, som hadde reist i Latin-Amerika i over eit halvt år, og som med nokre øl delte sine perspektiv på ran. Ho reiste saman med ei anna kvinne, begge i starten av trettiåra, og hadde blitt kjent med meg og ein tysk mann på 30, når me tilfeldigvis begge

sjekka inn samtidig, mens dei to kvinnene sat i ein sofa ved resepsjonen på hostelet.

Mykje av samtalen var rett direkte mot meg, då desse visste at eg hadde gått rundt og samla på ransforteljingar, og ville tilby sitt perspektiv på det.

«I think people just have to accept that when you travel in Latin-America, you'll get robbed at some point. I've lost pretty much everything I came here with at one point or another, but I'm still travelling, and I'm still happy! But it's like, don't be stupid about it, don't bring a shiny new laptop – I didn't bring one at all, didn't need it – and don't bring expensive clothes, or don't bring anything you'll cry about losing really.

I lost my daypack full of stuff for a trip when in a national park, there was nowhere to lock it up, but it was supposed to be safe, but apparently it wasn't. When we got back to the hostel where my main backpack was a few days later, I just went shopping to replace the stuff I'd lost. There was nothing I couldn't replace, and I thought it sucked, but I didn't let it ruin my trip to the national park.

A few weeks later, some of my stuff got nicked at a hostel, lost my phone then, but it was an old phone anyway, and some other stuff. It annoyed me that stuff got stolen at a hostel, I mean, I prefer trusting people. This hostel here is a big hostel though, and people can walk right in, so I lock my shit up all the time here, but the one I lost stuff at was smaller. But still, my mistake, I should've been more careful.

I've only been, like, actually held up and mugged once though. It was ironically after I'd been super careful for two months in Cali, then I went to Medellin for a bit, before I was planning on going back to Cali, and I guess I relaxed too much in Medellin, because I got robbed there.

I was walking home from a club – which was stupid, I'll admit – and this guy just came towards me. I was completely freaking out inside, I was afraid I'd be raped

or murdered or something, then he showed me a knife and told me to give him my money, phone, whatever. I was just relieved and gave him everything, and got back to the hostel safely.

Stupid of me to be so careless, and I try to be more careful, but at the same time, I don't want things like that to restrict me too much, I don't want to feel trapped everywhere, and I want to just fucking enjoy travelling around Latin-America, you know?»

Sarah og fortel innanfor diskursen at det hovudsakleg er backpackerens ansvar å ikkje bli rana, men tipsa hennar handlar mindre om å unngå å bli rana, og meir om å leve med risiko. Risikoen blir uforandra, men eins eigen tryggleik er det som er i fare, sånn som Sarah ser på det, og der var ho ikkje villig til å gje opp. Sarah blei kroneksempelen for meg på å meistre risiko i ransmiljøet. Ho takla risikoane, og fortsatt, utan å la det gå for hardt inn på ho. Motsetninga til Gunnar i forrige eksempelet, er at ho erkjenner risikoane, og er bevisst på dei, og handlar, mens Gunnar framstod heller som nokon som berre ikkje tok forholdsreglar overhovudet, der han mista ein mobil etter ein annan.

Sarah var forberedt på at ho kunne miste ting, og hadde derfor ikkje med ting ho var særleg tilknytte til, eller hadde stor materiell verdi.

Ein del samtalar inneheldt ikkje ransforteljingar, men inngjekk i det same større narrative om tryggleik, og var med på å skape sosiale grenser. Som nemnd pleidde dei ansatte på hostelet i Cali å åtvare folk mot å ha med seg verdisaker når dei berre skulle opp i handlegata, utan nemne kvifor, sjølv om det var implisert, og dei rådde oss og til å ta taxi ned til byen. Denne type småsamtalar og råd var veldig vanleg, og var med å å forme det landskapet me navigerte i.

I Bogotá, der størsteparten av hostela i byen låg i gamlebyen – La Candelaria – eit ganske lite geografisk område, omringa av resten av storbyen på tre sider, og med ein fjelltop på den fjerde. Heile området var prega av kolonialarkitektur, og det var eit tjuetalls hostel, og utallege barar, kafear og restaurantar. Til tross for at det var dette som var backpackerdelen av byen, var flesteparten av uteplassane retta mot Colombianara, og berre eit fåtall – då ofta knytt til hostel – var

retta spesielt mot utanlandske reisande.

På eit av hostela eg var på her, pleidde eigaren, Luís, å prata med dei fleste av dei reisande. Hostelet var lite, med makskapasitet på rundt 35 besøkande, og han likte å få kontakt med folk frå andre land. Han delte ut turistkart, og kom med forskjellige utsagn.

«Ikkje gå forbi calle 6, sør for der er ein utanfor turistområdet, og det er ikkje trygt for gringos, pass og på sør for carrera 7, då er ein i storbysona.»

Dette var noko han sa, mens han peikte på kartet kor han meinte, og påpeikte kva turistserverdigheter var innanfor og utanfor dette området, og kor ein burde gå når ein skulle utanfor.

«Dykk burde gå til Chorro de Quevedo, det er der byen blei grunnlagt. Men pass på, det er mange lommetjuvar der, og gå dei mest trafikkerte gatene når de skal der, så ingen følg etter dykk og tar dykk når de er åleine. Ver og forsiktige med å trekke fram dyre kamera eller mobiltelefonar der, dei held eit auge opent for denslags.»

Tipsa var velmeinte, og helst retta mot førstegangreisande, eller som var for første gong i Latin-Amerika. Sidan Bogotá har ein stor internasjonal flyplass, var det for mange inngangsportalen, og Luís henta og folk på flyplassen ofte, noko han tilbudde som ein ekstrateneste. Denne type råd førte til at ein sjølv trakk opp sosiale grenser, over kva soner som var sikre og ikkje, ikkje ulikt reorganiseringa av spaces om Diana Ojeda beskriv (2013).

Denne type råd, formidla her og der, blei og vidareformidle blant backpackera, spesielt når ein

hadde snakka om ran, og var med på å skape fellesskap, blant anna ved at ein hadde klarert kven som ikkje var med i fellesskapet. Her stod dei som dreiv kioskar, hostel, barar og rein turistvirksomheit som guida turar, dansekurs og liknande, i ein mellomstilling mellom dei reisande og dei lokale. Rolla til desse blir utforska nærmare i neste kapittel. Felles for alle ranssamtalane var dette med at dei fungerte som sosialt lim, dei bandt menneskje saman, anten dei hadde snakka saman før eller ikkje i eit felles skjebnefellesskap basert på deling av opplevsar av utryggleik samt deling av nøyaktig kunnskap om dei relevante omgivelsane ein sjølv ferdast i. Sann type kunnskap blei spreidd nettopp gjennom samtalar, og som også Tian Sørhaug er inne på i sin studie av heimlause ungdommar i Oslo, gjennom forteljingar av ranshistorier:

«Høsting forutsetter en omfattende og nøyaktig kunnskap om de relevante omgivelsene. Slik kunnskap spres gjennom samtaler og kanskje aller mest gjennom fortelling av historier. Tatt i betraktning at de økonomiske aktivitetene er kortsiktige og risikable, er det ikke så rart at mange av historiene dreier seg om mytiske tematiseringer av «kuppet» og kuppets mangehånde belønninger, og da særlig «festen». Gjennom slike diskurser blir økonomisk og moralsk kompetanse utviklet. Gruppen produserer individuell og kollektiv identitet med forankring i sin egen økonomiske og sosiale tilpasning. Her utvikles det også estetiske dimensjoner. Innenfor livsformen danner det seg kriterier for hva som er elegant, knyttet til f.eks både kupp og fest, og fortellergleder er like stor som språkbruken kan være kreativ og rik på metaforer.

Å kunne snakke seg til ressurser og ut av vanskelige situasjoner utgjør i seg selv en viktig overlevelsevne. Retoriske ferdigheter gir presisje i den indre krets både i kraft av kunnskapsformidling og gjennom underholdningsverdien. Til sist kan også evnen til «å drite ut» andre innebære betydelige sanksjonsmuligheter.»
(1996:39)

Samtidig har desse historiene det til felles at dei bidrar positivt til å avklare forventningar til kva som teller som ein «god» backpacker eller reisande i moralsk forstand. Ut i frå samtalane og forteljingane i dette kapitlet, ser me at ein god backpacker er ein som kan oppføre seg riktig og handtere potensielt farlege situasjonar. Altså, nokon som tar seg bryet med å skaffe seg kunnskap

om korleis ein unngår å hamne i denne typen situasjonar, og som når det skjer ikkje skuldar på andre, men sjølv tar ansvar. Kunnskapen blir formidla gjennom samtalanene og forteljingane, og det krevst då og at ein tar del i samtalanene, både ved å lytte til andres forteljingar og kome med innspel, og ved å dele av sine eigne erfaringar, på daglig basis som ein del av backpackerlivet.

Utifrå dette kjem det og fram at kunnskapen er ulikt fordelt innan miljøet, og at dei med mest erfaring er dei mest toneangivande. Kva som konstituerer backpackeridentitetet og det å vere ein god backpacker, er noko av temaet i neste kapittel.



Ei trong gate i gamlebyen i Bogotá. Trygg så lenge det var mykje folk der, mindre trygg når den var folketom sånn som her, når ein kunne bli sperra inne av ein mann i kvar ende. Privat foto.

4. Små og store fellesskap: Liminalitet og nisjar

I backpackerkonteksta blir fellesskap forma på forskjellige måtar, blant anna identitetsrelaterte prosesser og korleis liminalitet og *communitas* uttrykkjer seg blant backpackere, og korleis lokale grupper finn nisjar i dei totale omgjevnadane, der backpackerane er ein viktig ressurs.

Backpacking som liminal fase

Liminalitet – som det andre stadiet i eit overgangsrituale – er velbrukt i antropologien for å analysere sosiale forhold også utan religiøst innhald. Arnold Van Gesses delte overgangsrituala inn i tre forskjellige stadier:

Separasjon → overgang → gjenintegrering,

eller

preliminal → liminal → postliminal (Bowie 2006:148-149).

Oppsetta er identiske, men med forskjellig begrepsbruk. Den første er meir sjølvforklarande, mens den andre tar i bruk dei svært kjente liminale begrepa. Liminal ifølgje Fiona Bowie (2006:149) kjem frå latinsk *limen* som tyder terskel. Overgangsrituala handlar såleis om å bli tatt ut av den normale sosiale ordenen, og å vere på terskelen av dette, for så å bli reintegrert etter å ha vore gjennom den liminale fasen, og då ikkje som heilt den same personen som blei tatt ut av den sosiale ordenen.

På same vis som Petter G. Almklov (1999) har gjort, meiner eg at å sjå på reisa som ein liminal tilstand er fruktbart. Backpacking handla for det overveldande fleirtal av informantane om å oppleve og å sjå nye ting, og blei av mange sett på som ein form for dannelsesreise, og ein del av målet var å reise til fjerne strøk på eigenhand og å klare seg sjølvstendig. Reisa – og derfor og den liminale fasa – starta når i følgje mange i det ein forlot heimen med ein ryggsekk, og planla å leve kun utifrå den i fleire veke, eller endå lengre. I Colombia var fleirtallet av dei reisande eg kom i kontakt med på månadslange reiser, anten kun i Colombia, eller på latin-amerikansk vandring. Vanlig varigheit på reisa var der frå tre månadar til eit år. Under reisa var ein såleis «betwixt and between», uttrykket Victor Turner (1979) brukte for å beskrive tilstanden av å høyre til korkje her eller der. Ein er mellom to tilstandar, den dei var når dei forlot det vanlege, og den dei blir når dei returnerer, og er i den liminale fasen noko diffust og formbart, som ikkje heilt følgjer det vanlege samfunnets reglar.

Forberedelsar til reisa handla i stor grad om å spare opp to verdiar: Tid og pengar. Desse hang naturlegvis til ein viss grad i saman i eit ubalansert forhold. Hadde ein pengar kunne ein ofte ta seg tid, men hadde ein tid og ikkje pengar (til dømes arbeidsledige) var det ikkje så lett. For det overveldande fleirtallet var reisa noko dei brukte pengar på, og hadde spart opp i månadsvis eller fleire år for å få råd til. Sjølv om backpacking ofte handlar om å bruke lite pengar, og mange spedde på med strøjobbar i barar og ved å jobbe på hostel i bytte mot å bu gratis, trong ein fortsatt pengar til mat, øl og transport mellom destinasjonane. Backpacking var derfor – med ytterst få unntak – ikkje noko som var berekraftig, men noko ein kunne gjere til ein gjekk tom for ressursar, anten det var pengar eller tid, men gjennom å forvalte ressursane best mulig kunne ein strekkje ut reisa maksimalt. Eit nemneverdig unntak var til dømes Russel som eg møtte på hostelet i Cali, som livnærte seg med programmering, mens han hadde reisa som livsstil. Det var berekraftig, enn så lenge, og budsjettet gjekk i null for han. Men på sikt ville også han vende tilbake til England, og ende reisa, så til tross for eit heilt anna tidsperspektiv – han hadde levd sånn i seks år – og friare økonomi enn dei fleste, var reisa også for han midlertidig.

Med eit netto pengetap, mangel på inntekt (for dei fleste), mangel på fast buplass og med særleg begrensa eigendelar, er det tydeleg korleis den vanlege sosiale konteksten blir snudd på hovudet. Fleire fortalde at dei skulle vekk frå det rutinemessige, materielle, A4-livet; det same livet som var naudsynt for å mogleggjere denne type reisa, noko som er klassisk for liminalitet. Ein ser naudsyna for det strukturerte og daglegdagse ved å sjølv oppleve det motsette.

Her var det og store individuelle forskjellar. Ytterpunkta var at nokon var på sin aller første reise, ofte mellom vidaregåande og universitetsstudium, mens andre var på sin årlege tur der reisa var del av ein kalendarisk syklus, der dei jobba seks til ni månadar for å spare opp til neste tur. Mellom desse var dei som ikkje var på sin første reise, men heller ikkje var i eit fastsett reisemønster. Sjølv om alle var i ein liknande liminal fase, var reisa som eit overgangsrituale nok sterkast for førstegangsreisande. Fleire som hadde reist før uttalte og at den første reisa var den som endra dei mest, og og gjorde at dei blei «avhengige» på livsstilen med reising.

Innanfor dette var det og fleire nye liminale nivå. Spesielt relevant her er at ransopplevinga på mange måtar blei sett på som eit overgangsrituale. Ein var novise fram til ein hadde navigert den type skremmande opplevingar, og blei gjennom det å bli utsatt for fare rykka ut av den fram til då trygge backpackertilverelsa, og blei gjenintegrert med ny erfaring. Mykje av temaet i denne oppgåva går jo ut på å utveksle kunnskap og narrativer om ran, og det er derfor verdt å merkje seg korleis det å snakke om det og var ein del av overgangsritualet. Når ein gjekk frå novisestadiet der ein ikkje hadde direkte erfaring, og vidare, var det ikkje automatikk i at ein sosialt blei sett på som å ha meistra det. Måten folk snakka og forhold seg til det i ettertid hadde mykje å sei for korleis dei blei sett på. Nokon blei veldig satt ut av heile opplevsela, og fekk ein svært endra tryggleiksdiskurs som reduserte kvaliteten på reisa. Desse blei sett på som eit steg opp frå novisa, men var forholdsvis lavt på backpackerrangstien. Andre gjekk vidare utan den same trauman, men viste ikkje teikn på å ha lært noko av det, og gjorde dei same feila fleire gonger, til dømes Gunnar, som blei fråstjåle tre mobiltelefonar på nokre veker, på reisa si i Colombia. Dei som derimot ikkje lot opplevinga gå for hardt inn på humøret, og fortsatt reisa i full vigør blei derimot vel anerkjent for dette, til dømes Sarah, som hadde høg status på grunn av si måte å snakka om ran og risiko på.



Illustration 1: Felleskap blir danna. Det lille fellesarealet, med røykeområde og kjøkken i bakgrunnen, sørger for at nesten alle på hostellet kom i kontakt med kvarandre. Ein vanleg kveld bestod av øl, nye bekjenskap og historieforteljing. Privat foto.

Communitas – fellesskapet blant dei reisande

Fellesskapet blant menneska i same liminale fase kalla Turner for *communitas* [1969](2002:360). Turner skriv at det er ein tendens til folk i same *communitas* utviklar intense egalitære bånd (2002:359). Dette er noko ein ser godt igjen i backpackermiljøet, men med visse betingelsa. For det første at ein ikkje automatisk var med i gruppefellesskapet sjølv om ein var på reise; og for det andre at det var mykje intern status. Men at det kjapt utvikla seg sterke bånd mellom dei reisande, når kontakt først var oppnådd, var tydeleg i interaksjonen. Ein kunne til dømes få seg ein «bestevenn» på eit hostel ein var på i berre nokre dagar, og så reiste kanskje begge vidare i forskjellige retningar etterpå, men det kravde at ein først blei mottatt i miljøet, og det blei ein ikkje berre i kraft av å vere backpacker.

Den liminale fasen av backpackerreisa byrjar som nemnt at ein reiser ut med kun ryggsekk, og sluttar med at ein vender heim igjen til det dagligdagse. Ein er då identifisert som backpacker av seg sjølv, og av dei heime, men for å ta del i fellesskapet krevst noko meir. Ein må sjølv søkje ut, og bli kjent med nye menneske, og forhandle fram eigen backpackeridentitet i desse sosiale samhandlingane, og det var her ransforteljingar gjorde seg svært gjeldande. Som omtalt i forrige kapittel, fungerte blant anna ransforteljingar som sosialt lim, men var og kjelde til sosial differensiering. Denne typa samtalar var ikkje unike i denne samanhenga, all slags deltaking i det sosiale spelet på hostel og liknande gjorde den nytten, men ransforteljingar kombinerte mange element, og var svært opne og tilgjengelige gjennom sine performative aspekt, samt det at dei formidla kunnskap dei fleste såg på som viktig, var underhaldande, og gav deltakarane gode sjansar til å konstruere egen identitet i gruppa kjapt.

Ein trong som nemnt ikkje ha blitt rana for å bli anerkjent som backpacker, men det hjalp. *Communitas* blant backpackera var som nemnd prega av differensiering av status, og det å ha blitt rana og handtert det både i sjølv situasjonen, og mestring av situasjonen etterpå gav klar status. Dette vil bli utforska nærmare i neste kapittel.

Menneska i *communitas* var som nemnt betwixt and between, eller på ein terskel, og stod som beskrevet på kanten av det normale samfunnet. Skjeringspunkta her nådde fleire nivå. Latin-amerikanske backpackera til dømes, blei ikkje medlem av *communitas* på same måte som vestlege. Dei var reisande, og med ryggsekk, men dei var fortsatt i latin-amerikansk kultur, og blei derfor av dei andre backpackerane sett på som å vere i skjeringa mellom dei og dei lokale.

Ein ting var at dei hadde sjølvsgatt total meistring av det lokale språket i dei fleste tilfella, då latin-amerika overveldande er spansktalande. Dei få brasilianske backpackerane eg møtte snakka og flytande spansk, så det var heller ikkje noko hindring for dei. Språket som stort sett blei brukt blant backpackera var engelsk, og dei latin-amerikanske reisande var allereie her noko i krysningssona, då ikkje alle meistra engelsk så godt eller i det heile tatt. I tillegg hadde dei ikkje reist like langt som dei frå nord-amerika og Europa. Det blei av to franske studentar i samtale med meg og ei mexikansk dame, samanlikna med europearar på *interrail*. *Interrail* blei det generelt snakka ned om i denne konteksta, ein utforska ikkje anna kultur på same måte, blei det sagt, og ein reiste i eigen bakgård. Dette gjald også for nordamerikanske reisande. *Interrail* blei sett på som heilt greit som reise, og som ein forsiktig start på backpackerlivet, men det låg veldig lavt på rangshierarkiet når det kom til reisedestinasjonar. Vidare blei ikkje dei latin-amerikanske reisande identifisert som *gringo* av lokalbefolkninga på same måte, og dei hadde ofte eit anna syn på ran, som alltid var eit tilbakevendande samtaleemne. Mens det for vestlege reisande stort sett var veldig nytt, skummelt og farleg å vere i ransutsatte område, var dette for dei latin-amerikanske reisande eg møtte, ein del av kvardagen allereie, og derfor ikkje eit nytt moment med sjølvve reisa.

Gringo – backpackeren separert frå dei lokale

Richard Jenkins argumenter i boka *Social Identity* (2008) for at identitet er ein intern-ekstern dialektisk prosess, anten det er mellom individer eller grupper. Måten gruppeidentitet fungerte i felten, spesifikt mellom vestlege reisande, latin-amerikanske reisande og dei lokale, samsvarer med denne teorien. Sjølv om kategoriane var kjende frå før av, er det interessant å sjå korleis dei blei

forma prosessuelt i felten, sidan – på same måte som Fredrik Barth (1969) hevder, ved at det er i dei nære møta at grensemarkering finn stad, og spørsmål om «oss» og «dei andre».

I mykje av datamaterialet kan ein få inntrykk av at det hovudsaklig er utanlandske som snakkar seg sjølv i mellom, og skapar fellesskap basert på felles negative opplevsar med dei lokale, men det er og ei anna side, nemlig korleis dei lokale forhold seg til vestlige og latin-amerikanske reisande.

Var ein kvit og utanlandsk, var det så og sei uunngåelig å bli konstant referert til som gringo. Når eg spurde colombianarar om betydninga av ordet sa fleire at det betydde «utlending», og utdjupa at dei brukte det om alle som var frå andre land, også frå andre latin-amerikanske land. Denne definisjonen klarte seg dårlig i møte med det både eg og andre opplevde, og det blei tydelig atterkvart at gringo betydde – som me var kjend med frå populærkultur – kvit, vestlig, utlending. Då dei fleste lokale eg kom i kontakt med jobba direkte eller indirekte med turistar, var det grunn følte eg til å vere noko skeptisk til den definisjonen dei gav meg, når den samsvarer så lite med egne observasjonar.

Gringo blei brukt konstant av taxisjåførar, tiggande, seljarar og var eit vanleg ord å få ropt etter seg, mens hostelarbeidara, og dei som jobba på caféar og barar spesielt retta mot reisande, ikkje brukte begrepet – i alle fall ikkje til oss. Ordet blei av dei fleste reiande oppfatta som svakt negativt ladd, ikkje som ein direkte fornærmelse, men heller ikkje som noko folk likte å bli definert som.

I fleire lengre samtalar om ordet med dei ansatte på tre forskjellige hostel, fekk eg mykje same svara; at dei ville kalla ein person frå til dømes Argentina for gringo sidan det kun betydde utanlending, og ikkje hadde noko spesielle konnotasjonar. Dette samsvara ikkje med faktisk bruk i praksis – i alle fall ikkje som eg observerte. Ei heller hadde neppe dei som jobba så tett mot turistane unngått ordet om det hadde stemt.

Gringo var på mange måte «dei andre» for dei lokale. I møte med dette uttrykket, som blei konstant blei brukt om oss og til oss, blei me såleis definert som ei gruppe.

«Me» og «dei andre» dikotomien var det sånn sett svært vanskelig å komme unna, sjølv dei reisande som ikkje sjølv ønska å vere ein aktiv del av backpackercommunitasen, og heller ha god kontakt med dei lokale – som var ein ynda mål for mange reisande – blei utdefinert av dei lokale som gringos. Det var den motsatte sida av Jenkins (2008) identitetsprosess. I delkapittelet om

liminalitet beskreib eg korleis folk sjølv oppfatta seg sjølv om backpackera når dei forlet heimen med ein ryggsekk, uavhengig av kva folk ved destinasjonen gjorde, så blei ein her definert som gringo av menneska på destinasjonen uavhengig av kva ein sjølv meinte. Sjølv om fleire nekta å la seg omtale som gringo, og ikkje reagerte på det, var det ikkje ein identitetsmarkør det var mogleg å sleppe unna. Ransnarrativa – på den andre sida av den dialektiske prosessa - rei på toppen av denne diskursen, og brukte den aktivt til å underbygge poenga. Her brukte backpackerane sjølv gringokategorien for å separere seg sjølv frå dei lokale, etter sjølv ha blitt utskilt. Så sjølv om kategoriene var pre-eksisterande, var det heilt tydelige kontinuerlige prosessar for å oppretthalde dei.

I ransfortellingane blei det ofte nemnd at ranarane – nesten alltid konseptualisert som lokale folk - var «ute etter gringos» eller «dei såg jo at me var gringos og eit lett bytte» og liknande, noko som på retorisk vis skapte fleire negative assosiasjonar med ordet. Ein ganske vanleg situasjon som folk trakk fram i samanheng med ranstema var når nokon henviste seg til dei med «Hola gringo/a». Med ein gong blei dei påminna om at dei var utanfrå, og tenkte kva personen som snakka til dei var ute etter; nokre gonger sa folk dei i sånne situasjonar lett tenkte «no blir eg rana» uansett korleis personen såg ut eller oppførte seg, på grunn av tanken av at dei var gringoer og derfor lette offer. Dette kan vere teikn på ein lett skismogenesisk prosess der ein sjølv konstruerer stadig meir negative stereotypiar som forsterkar kvarandre.

Backpackeridentiten – ein kompleks samansetnad

Backpackeridentita kombinerer alle dei tidligare nemnte elementa, og litt til. Det ein kanskje skulle tru var ein relativt enkel identitetskategori visar seg å vere mykje meir kompleks. For det første blir ein sett på som backpacker heimafrå – og av seg sjølv – når ein fjernar seg sjølv frå normalen og reiser avgarde for å leve med kun ryggsekken som det materielle over lengre tid. Vidare hamnar ein i krysninga mellom *communitas* blant backpackera, og dei lokale, der om ein er vestlig blir definert ut av sistnemnde, og lett får novisetilgang til førstnemnde, men som er mykje meir kompleks for

reisande frå same region, då dei hamnar på terskelen mellom desse, til dømes José som stod mellom dei lokale og dei andre reisande på hostelet i Cali, ein posisjonering han sjølv utnytta blant anna til å selje dop han fekk tak i frå lokale kontaktar til reisande.

Materielt sett var ryggsekken *essensiell*. Hadde ein ikkje ryggsekk var ein ikkje backpackar. Sjølv om det ligg i ordet, var det noko overraskande over kor strengt og bokstaveleg det blei handheva. På fleire hostel var det personar som reiste med koffert, og deltok ellers ofte fullt ut i dei same aktivitetane, og altså var del av same communitas, men kalla ikkje seg sjølv backpackera, og blei ikkje kalla det av andre heller. Endå eit teikn på at liminalitet og communitas i denne samanhengen ikkje var så tett knytta som ein kanskje skulle tru.

Vidare var det i backpackeridentiteta at status for alvor gjorde seg gjeldande, og kunnskap var ein gjeldande faktor. I tillegg til å få status av å ha personlig erfaring med ran, og gje inntrykk av å ha meistra ranssituasjonar, og fortsatt føle seg trygg etterpå gjennom å ha tatt personleg ansvar for situasjonen som oppstod var det spesielt tre andre – separate – kunnskapshierarki som gjorde seg gjeldande.

Den første var det som av mange blei kalla «reise-CV». Altså kort og greit kor bereist ein var, med kor mange land ein hadde vore i, varigheit og denslags. Denne var langt viktigare mellom førstegangreisande enn resten, då alt var nytt for dei, mens dei som hadde vore på nokre turar før, ikkje var like interesserte i å samanlikne status her. Sjølv om dei fortsatt gledelig delte av reiseerfaring om nokon trengte råd, brukte dei det ikkje aktiv for å oppnå status. Eller som ein australier svarte meg når eg spurte han kor han hadde vore: «I'm so fucking tired of that question, nobody cares». Litt på spissen å seie det så krasst, men tanken var i alle fall ganske utbreitt blant erfarne reisande.

Det andre kunnskapshierarkiet derimot, gjekk i likskap med ranskunnskap igjen blant nesten alle. Det andre var lokalkunnskap. Her var det uviktig kor mange land ein hadde reist i, men den kunnskapen ein hadde der ein var akkurat der. Her gjalt det å ha gode kontaktar med lokale, noko som gav høg status. Det var stort sett gjennom ein kombinasjon av språkkompetanse, varigheit av opphaldet, personlege relasjonar og personlege eigenskapar som gjorde seg gjeldande her. Denne typen kunnskap – i tillegg til ranskunnskap, som det var ein viss overlappanheit med – nytta nesten alle godt av. Til og med dei reisande som berre var nokre døger på kvar stad – ofte for å krysse av flest mogleg destinasjonar på reisa si – anerkjente kunnskapane desse sat med, då dei ofte trengte den

for å gjere det meste ut av den litle tida dei hadde på staden.

Det tredje systemet handla om pakking, og tok for seg sjølve den materielle essensen av backpackinga: Ryggsekken. Dette systemet var det som var mest uavhengig av dei andre, men var knytta til erfaring. Backpackingidentita var relasjonell, og bestod av alle desse tre faktorane – med ranskunnskap som den fjerde – og kor mykje dei blei vektlagt var avhengig av den sosiale kretsen der og då. Pakkediskursen var ikkje direkte knytt til dei andre, og også til ein viss grad ignorert av dei som ikkje deltok i den. For dei som deltok i den derimot, var det ein av pilarane i det å vere ein god backpacker: Ein skulle ikkje dra for mykje med seg, men reise lett og praktisk.

Det skjedde ofte at eg sat ved eit bord i opphaldsrommet på eit hostel med andre reisande, og haldt på med den gode samtalen som oppgåva i heilheit handlar mykje om, då me såg backpackera som kom eller forlot hostelet. Det var då ein fekk sjå kor mykje dei faktisk bar med seg, og dei som reiste med storsekk på ryggen, mindre sekk på brystet, og kanskje og eit handlenett eller to i nevane, blei nedsnakka, med kommentarar om at dei kunne like godt reist med koffertar, sidan dei knapt nok kunne gå med all bagasjen, og koffert med hjul hadde vore meir praktisk. Grunnen til at dei ikkje gjorde det var – i følge dei eg spurte – at som backpacker måtte ein jo ha ryggsekk, eit syn som var særdeles godt underbygd.

I motsatt retning var det å ha pakka kompakt og lett noko som blei svært høgt ansett i denne gruppa. Ein nederlender blei på eit hostel i Bogotá raskt omtalt av dei fleste på hostelet som ein framifrå backpacker, då det blei kjent at han hadde reist i sju månadar med ein 40-liters ryggsekk.

Det var *autentisk*. Han var den som hadde klart å leggje frå seg mest moglig materielt heime, og reiste friast av alle.

Backpackeridentiteta er såleis ganske kompleks, og knyttar seg til både ein liminal periode, *communitas*, «oss» og «dei» diskurs, og fleire forskjellige kunnskapsdiskursar om kva det vil sei å vere ein god backpacker.

Ressursbaserte nisjar: Backpackerane i forhold til dei lokale gruppene

Backpackerane er som vist ovanfor, delvis definert i forhold til dei lokale, men også fleire lokale grupper er avhengige av backpackerane for sin eksistens. Med økt urbanisering, og enorme sosiale skilnader (Archetti & Stølen 2008:273), var det mange i Colombia som levde eit liv frå hand til munn. I nabolaget i Cali som blei beskrevet i kapittel 3, kjem det fram kor enorme sosiale forskjellar det var i området, og med den relativt høge velstanden backpackerane brakte med seg, var det fleire lokale grupper som såg på backpackerane som ein ressurs.

Sjølv om dei var lokale, var fleire av desse aktørane og potensielt i ein liminal fase i livet, der dei levde ein usikker eksistens, utan eit stabilt sosialt nettverk, og større frå ein velferdsstat. I motsetning til backpackerane, som var på ei valgfri reise, og skulle vende tilbake til det stabile livet i heimlandet, gjekk dei marginaliserte aktørane lokalt ei usikker framtid i vente, men som Synnøve Bendixsen (2005) skriv om marginaliserte grupper på terskelen, betyr ikkje den type venting og usikkerheit at ein lever passivt, noko som var eit tydeleg trekk i nabolaget i Cali. Aktører gjekk aktivt inn for å skaffe seg ressursar, i samarbeid og i konkurranse med kvarande, eit system basert på gjensidig avhengig.

Det eg vil bruke for å analysere dette er det økologiske perspektivet til Fredrik Barth [1956] (1994), basert på studia hans av etniske grupper i Swat, der forskjellige grupper lever i same område utan å fortrenge kvarandre, ved å finne ei nisje av dei totale omgjevnadane å gjere nytte av, der dei totale omgjevnadane inkluderer dei andre gruppene, og ein sånn blir ståande gjensidig avhengige av kvarandre, anten det er i balanserte eller negative transaksjonar.

I kapittel 3 beskriv eg hostellivet og nabolaget i ein bydel av Cali med store sosiale skilnader. Backpackere her er ein økonomisk ressurs, som først og fremst naturlegvis blir nytta av hostelet, som tener pengar på overnatting. Hostelet står i ei særstilling på to måtar, for det første er det utelukkande her backpackerane bur, då hostelet ikkje har direkte konkurranse, og har eksklusiv

tilgang til dei ressursane backpackerane veljar å bruke på overnatting her, men backpackerane kan sjølvsagt velje å reise ein annan stad; for det andre baserer alle dei andre nisjane rundt backpackerøkonomien seg på at hostelet faktisk har gjester, så samtlege andre grupper involvert i dette systemet står i eit avhengighetsforhold ikkje berre til backpackerane, men også til hostelet som tilrettelegg for at backpackerane er der.

Samtidig er backpackerane avhengig av hostelet, det vil sei at dei ikkje nødvendigvis er avhengig av akkurat *dette* hostelet, men av hostel generelt for å kunne gjennomføre reisa si. Hostel og backpackera er derfor åpenbart i ein symbiotisk relasjon basert på gjensidig avhengigheit av kvarandre.

Tilløpet av backpackera til nabolaget skaper då grobrunn for at andre kan og tene på ei tilreisande gruppe som har pengar. Hostelet dekkar nokre basisbehov, som ein stad å sove, tilgang til bad, og tilgang til andre reisande – noko som er ein viktig verdi for backpackera. I tillegg hadde hostelet gratis frukost og kaffi, men ikkje noko mat inkludert utover det. Det vil seie at backpackera anten måtte lage mat sjølv på det tilgjengelige kjøkkenet, og i så fall sjølv skaffe råvarer, eller kjøpe ferdigmat på hostelet, eller utanfor hostelet.

Her opna det seg fleire muligheiter. Backpackerane kan delast i tre grupper, der den første gruppa utelukkande lagar mat sjølv (i tillegg til frukosten som var gratis), den andre gruppa både lagar mat og kjøper ferdigmat, og den tredje gruppa overhovudet ikkje lagar mat sjølv og utelukkande kjøper ferdigmat. Den første gruppa var avhengig av å kunne kjøpa det dei trengte utanfor hostelet, stort sett på ein liten daglegvarehandel i handelsingata nokre hundre meter unna, eller på kiosken som låg berre eit steinkast unna hostelet i motsatt retning. Hostelet hadde ikkje muligheit for å tene meir pengar på akkurat desse, og lokale aktørar fant der ein nisje dei kunne tene på. Dette er ein kommensalistisk relasjon, der hostelet og dei eksterne aktørane ikkje er i direkte konkurranse om kundande, då hostelet ikkje tilbyr akkurat det dei etterspør, nemlig råvarer. For dei to andre gruppene er hostelet i direkte konkurranse med dei eksterne aktørane om backpackerane. For gruppa av backpackera som både lagar mat sjølv, og i tillegg et ferdigmat, er samtlige aktørar som sel mat involvert, daglegvarehandel, kiosk, café, bakeri, gatestand og hostelet. For den siste gruppa som kun et ferdigmat er det nesten tilsvarande, med unntak av dagleghandelen.

Her konkurrerer desse forskjellige aktørane direkte mot kvarandre om ein begrensa ressurs. Maten på hostelet var dyrare enn tilsvarande i handelsingata, og det var og eit begrensa utval, med nokre få

middagsretter, der fleire av dei var frosne som blei varma opp, og enkle ting som posar med potetgull. Konkurransefortrinnet til hostelet var på det praktiske, ein slapp å forlate hostelet, som ein kunne sjå på som ei trygg sone.

Ein ser liknande forhold når det gjeld tobakk og alkohol, men med større kontrastar. Her hadde hostelet eit breitt utval, og i tillegg hadde nattevakta nøklar, og det var derfor i praksis døgnopen tilgang, mens kiosk og daglegvarehandel utanfor hostelet stengde på kvelden. Prisen var til gjengjeld over det dobbelte av kioskprisar. Mens det var heilt greit å ta med mat sjølv, eller laga, var det strenge reglar for alkohol. Det var uklart om dette var på grunn av skjenkeløyve, eller berre for å tena pengar, men dei hostelansatte reagerte negativt på alkohol som ikkje var kjøpt der, og dei det gjaldt fekk beskjed om at dette ikkje var lov, og at om det fortsatt, kom dei til å fakturere mellomlegget på rekninga deira når dei skulle sjekke ut.

Til tross for hosteletts forsøk på å ekskludere kjøp av alkohol frå andre aktørar, blei det gjort hyppig, og backpackera utvikla strategiar for å unngå å få problem på grunn av det. Nattevakta, som ikkje brydde seg særleg om det, sa at så lenge det ikkje var synleg på kamera, så daglig leiar ikkje såg det, var det greit. Løysinga då blei for mange å oppbevare alkohol på kjøkkenet, og å drikkja frå kaffekoppar. Sånn kom ein seg rundt regelverket, og hostelet og kiosk var i direkte konkurranse om alkoholsalg på dagtid, mens seint på kveld og nattetid var hostelet den einaste muligheita.

Ei anna nisje som var open var å selje marijuana og andre narkotiske stoff til dei reisande. Som nemnt i kapittel 3 var denne nisjen allereie delvis tatt av ein av nattevaktane, men også José, i den tida han var der, klarte å gjere nytte av denne nisjen. Han skaffa lokale kontaktar som han kjøpte frå, og selde vidare. Det som først begynte som eit konkurrerande forhold, endte opp med at nattevakta assimilerte José delvis inn i sin operasjon. Nattevakta jobba ikkje kvar dag, mens José var der heile tida, og sjølv om José allereie kjøpte frå ein anna kjelde, hadde han ikkje ubegrensa tilgang til narkotika, og endte opp med å fungere som mellommann for nattevakta og. I relasjon til dei reisande var det her eit balansert resiprokt forhold, der dei reisande ville kjøpa noko som José og nattevakta hadde å selja. Hostelet hadde reglar mot å bruke narkotika på deira område, men dei blei omgått om kveldane.

Som tidligare nemnt oppfordra dei hostelansatte oss til å nytta taxi for å reise til og frå byen, og bestilte taxi for oss. Taxisjåførar var såleis ennå ei gruppe som gjorde nytte av ei nisje i dei totale omgjevnadane. Sjølv om dei var den einaste aktøren som tilbod denne typen transport, var det ikkje

sjølvsagt at backpackerane gjorde nytte av tilbodet, då dei også kunne gå, heilt enkelt berre forbli i nabolaget og ikkje forlate det i det heile tatt, eller reise vidare.

Ein av grunnane hostelet brukte for å få folk til å ta taxi var sikkerheita, eit inntrykk dei måtte nøye balansera. Hostelet var opptatt både av at folk skulle leggja igjen mest mulig pengar inne på hostelet – og ikkje på mat, alkoholo og liknande kjøpt utanfrå, men hadde og ei direkte interesse i å halda dei besøkande trygge. På den annan side kunne dei ikkje vere for eksplisitte i formidlinga av risiko, då dei kunne risikere at backpackerane vurderte heile området som så utrygt at dei reiste vidare. Ein balansegang med inntrykkkontroll (Goffman 1957) var derfor svært viktig for hostelet i denne samanhenga.

Grunnen var – som me har sett tidligare – at området var prega av ran, der ransmenn og gjekk etter backpackera. Taxisjåførane og hostelet var i eit klart symbiotisk forhold av denne grunn. Taxisjåførane var avhengige av hostelet for å skaffe dei kundar, og hostelet var avhengig av at dei besøkande hadde tilgang til trygg transport. Backpackerane som gjorde nytte av dette var i eit klart symbiotisk forhold, men ein relativt enkel transaksjon der ein byt pengar mot sikkert transport.

Ransmenn som gruppe stod i ein negativ resiprok relasjon med fleire – men ikkje alle – av dei andre gruppene. Desse menneska trua og stal, utan å gje noko tilbake, og var det store risikoelementet i nabolaget, i alle fall for mine informantar. Kor mange forskjellige aktørar det her var, har eg ingen oversikt over, så her vil dei bli behandla som ei gruppe, sett i forhold til dei andre gruppene, sjølv om det nok var mange uavhengige aktørar. Relasjonane mellom denne gruppa og dei andre er meir komplekse. Mens dei andre aktørane tilbod tenester til dei reisande, tilbød ikkje desse noko, men berre tok, ein negativt balansert resiprok handling. På den anna side var eksistensen av desse noko av grunnlaget til at taxisjåførane fekk oppdrag. Dess reddare dei reisande var for ran, dess meir sannsynleg var det at dei tok taxi, og ein kan derfor sei at taxinæringa til ein viss grad stod i eit avhengighetsforhold til ranarane. Ranarane på si side hadde ingenting å tene på at folk tok taxi, så det var ikkje snakk om ein symbiotisk relasjon, men eit negativt forhold taxinæringa tente på.

Dei lokale næringane var meir ambivalente, om dei reisande var redde for å gå ut på gata – spesielt etter det blei mørkt – tente dei mindre pengar, men som det blei antyda då ein av dei som hadde prøvd å rana fleire reisande på hostelet hang utanfor den næraste kiosken og sosialiserte med andre der, kan det vere at det var tette band mellom ranarar og lokalbefolkning.

Forholdet mellom mellom hostel og ranarar var prega både av avhengighet, og konkurranse. Ranarane var som nemnt avhengige av at hostelet hadde besøkande, for å kunne rana reisande. Dette var i negativt for omdømme til hostelet, og kunne føre til at folk reiste tidligare enn planlagt, eller at det kom færre tilreisande. På den andre sida, førte nærværet av kriminelle til at fleire av tilbøyelige til å kjøpa alkohol, tobakk og mat inne på hostelet, noko hostelet tente på, og som og frårøva potensielle inntektskjelder for ranarar. Hostelet og ranarar var i den samanhenga både i ein symbiotisk og i ein konkurrerande relasjon, basert på interessestrid, hostelet ville ha folka til å bruke pengar innandørs, og ikkje ute i gata, mens ranarane var ute etter det motsette. Mens det var nærværet av ranarane sjølv som var skuld i at mange haldt seg inne. Den potensielle nisjen for ranarane hadde altså vore større om dei sjølv hadde vore fraværande, og dei var sjølv med på å begrense kor stor den nisjen kunne vere.

Det som kjem fram her at fleire grupper står i komplekse forhold til kvarandre, der dei posisjonerer seg i forskjellige nisjar, for å tene pengar på dei reisande, mens dei reisande sjølv ser på tryggleik som ein viktig ressurs, som blir tilbode av hostelet og taxinæringa spesielt; men dei kan og velje å berre forlate staden om dei ikkje følar seg trygge nok. Dei forskjellige relasjonane mellom gruppene, der fleire har multiplekse forhold til kvarandre – til dømes ranarane og hostelet – er heller ikkje heilt stabile, og blir påverka av backpackerane sjølv, noko som er fokus for neste kapittel.

5. Konsekvensar av ransnarrativa

Fleire av dei forskjellige gruppene opererer i nisjar som er avhengige av ein prekariøs balanse mellom at backpackera føler seg trygge nok til å bli buande på hostelet, men utrygge nok til å gjere nytte av desse tenestene som tilbyr tryggleik, til dømes taxi og sal av var mat og drikke på sjølve hostelet. Ranarane på si side tapar på at folk følar seg utrygge, men er den største faktoren som bidrar til det. Måten tryggleik blir forvalta av backpackera er derfor sentralt i forståinga av påverkingskrafta backpackera har på den lokale økonomien.

Dette kapittelet vil trekkje saman trådane frå dei tidligare kapitla, og sette alt saman i eit prosessuelt økonomisk system, sentra rundt backpackerane, både som aktør og ressurs.

Guruar styrar diskursen - eit kunnskapsantropologisk perspektiv

Backpackerane - *communitas* til tross – er ikkje ei egalitær gruppe, og som vist tidligare er det status tilknytt å ha meistra ran, og andre faktorar. Måten kunnskap blir delt på blant backpackera kan samanliknast med måten guruar opptrer på Bali (Barth [1990] 1994).

Blant dei muslimske lærarar på Bali, titulert guru, blei ikkje djup religiøs kunnskap sett på som som nyttig med mindre den blei lært bort. Guruane reiste rundt for å akkumulere og dele kunnskap i eit stort område, og prøvde aktivt å lære frå seg heile tida, utan å halde noko tilbake. På denne måten bidrar guruane til ein systematisk reproduksjon av kultur og normer gjennom sin aktivitet. Guruane realiserer seg sjølv i følgje Barth gjennom å spreie kunnskap, og rolla deira er knytta til å alltid ha nytt materiale å kunne hente fram. Dersom gurun skulle gå tom for kunnskap i ein gitt situasjon vil

andre rask vere i stand til å ta over(1994:158-159).

Sjølv om tidsperspektivet mellom guruar som har relasjonar med menneske i årevis, mens backpackerrelasjonar kan vere alt frå månadar til berre nokre få timar, er det klare likskapstrekk mellom balinesiske guruar og dei reisande eg møtte i Colombia. Backpackera delte ofte villig kunnskap, utan spesielle krav til tilhøyrarane. Noko av grunnen til dette var at sjølve praten var både underhaldning og tidsfordriv, og eit nyttig verktøy for å bli kjend med folk, som vist i kapittel tre, men også fordi det var ved å delta i denne typen samtalar og ved å dele av sin kunnskap at ein kunne få tilgang til andres kunnskap. I forrige kapittel blei det forklart korleis backpackeridentiteta er samansett, og korleis handtering av ran er knytta nært til det. Det er nettopp gjennom desse samtalanane at dei reisande kunne demonstrere at dei hadde denne typen kompetanse.

Backpackerane opererte ikkje med eit uttalt rangsystem, men ein kan dele dei inn i fire grupper etter: Dei som ikkje hadde vore i ein ranssituasjon, og derfor ikkje hadde førstehandsberetningar; dei som hadde vore i ein sånn situasjon, men ikkje tatt lærdom av den (til dømes Gunnar, tyskaren som blei fråstole tre mobiltelefonar, og lot ikkje til å lære); dei som hadde takla ran på ein kompetent måte, og kunne dele av sin kunnskap etterpå, men ikkje sjølv følte seg trygge i ettertid, og som til tross kompetanse, ikkje hadde meistra å forholde seg til risikoen; og til sist, dei som hadde kompetent handtert skremmande situasjonar, lært av dei, og både tilpassa seg dette, men fortsatt å føle seg trygg på å fortsette reisa i Colombia. På same måte som på Bali var det altså ingen formalisert, eller sentralisert system for erkjenning av kven som hadde kva rang (Barth 2002:7), det var flytande og uformelt dei reisande mellom, men følgde likevel dette mønsteret som blei reproduisert kvar gang det var i bruk i samtalanane.

Ein «guru» her er til dømes Sarah, amerikanaren som fortalde om kva ting ho hadde blitt fråstole på si reise, og korleis ho tok forholdsreglar, men hadde akseptert at det var ein del av livet å oppleve kriminalitet på si reise. Men det var kun gjennom å delta i samtalar med ransforteljingar at ho fekk denne statusen, og her ho kunne tileigna seg ny kunnskap, spesielt om spesifikt lokale forhold (til dømes kva gater var trygge til kva tidspunkt og liknande).

Dei med høgast status var og dei som var toneangivande for diskursen om korleis ein skulle forvalte sikkerheit, spesielt tydeleg i samtalen med den amerikanske mannen som snakka om å bruke kniv til å forsvare seg, eit syn som dei andre deltakarane, spesielt ei fransk kvinne som hadde i løpet av samtalen fått status som kompetent på temaet, og diskursen blei sånn korrigert. Gjennom at enkelte

menneske fekk anerkjent sin kompetanse om å forvalte sikkerheit, førte det altså til at ein større diskurs om korleis ein skulle forholde seg til det også blei spreidd.

Eg vil vidare tolke dette som at det blant backpackera er mulig å sjå på kunnskap som eit produkt som ein gjer frå seg, i bytte mot både inkludering i det sosiale fellesskapet, rang, og tilgang til meir kunnskap frå andre i samtalen. Der Barth hevder at hovudproduktet til gurun er dekontekstuelaliserte ord (1994:169), vil eg påstå av hovudproduktet til den reisande er høgst kontekstualiserte ransforteljingar.

I motsetning til denne veldig opne delinga av kunnskap står dei tilsette på hostela. Desse vakta forvalta kunnskap heilt annleis. Sjølv om dei var villige til å dele mykje lokalkunnskap, og om lokal kultur, reisetips, og liknande, var dei mykje meir tilbakehaldne når det kom til ran. Dei gav råd om at det var best å ta taxi og å ikkje ta med verdisaker ut i gata, til dømes, på hostelet i Cali, men nemnde ikkje den høge frekvensen av ran av reisande i området. Som illustrert i forrige kapittel stod hostelet i ein særskilt situasjon her, der dei var avhengige av at folk følte seg trygge nok til å bli, og å etterlate gode anmeldelsar, men ikkje så trygge at dei naivt sett seg sjølv i for stor risiko.

Barth bruker Baktaman-folket som eksempel på å vakte over kunnskap (1975), der ein gjennom gradvis initiering får tilgang til meir og meir kunnskap. Kunnskapsforvaltninga blant dei tilsette hadde ikkje denne type seremonielle ritual for å få tilgang til kunnskapen, men det var kunnskap som helst skulle vere lukka for, eller berre delvis delt med dei reisande, mens lokale og fastbuande utlendingar fekk lettare tilgang til denne kunnskapen frå dei tilsette, då hostelet ikkje hadde noko økonomisk intensiv med dei, ei heller risiko for å skremma dei vekk.

Narrativ i endring – tryggleik og førestillingar om Colombia

Litt av motivasjonen for å delta i samtalar om ran og å dele ransforteljingar, i tillegg til dei meir kritiske grunnane om å tileigne seg viktig kunnskap, bli kjend med folk, er underhaldning, og å vere med på å skapa eit inntrykk av Colombia er. I kapittel 2 var det ein oppsummering av Colombiansk historie, og utviklinga av turisme dei siste åra, og det er ikkje til å kome unna at Colombia av mange blei sett på som eit farleg land. Utvalet mitt av informantar inkluderte naturlegvis kun dei som hadde valt å reise til landet. Alle som kom til landet hadde då og eit visst inntrykk, og sjølv om fleire sa at dei ikkje hadde reist til landet sånn som det var tidlegare, så var det for mange eit visst spenningsmoment i å reise til eit land dei heime hadde sagt var for farleg å reise til.

Ei førestilling om at Colombia ikkje var heilt trygt from dei reisande var derfor noko dei fleste kom med i ryggsekken, til tross for Colombianske kampanjar om at landet no var trygt (Ojeda 2013), og ransforteljingane var utvilsamt med på å romantisere denne førestillinga, og som Salazar seier, så «We live in imagined (but not imaginary) worlds» (2013:5).

Dette tyder at førestillingar ikkje er noko ein kan ignorere, men noko som har påverknadskraft på den sosiale verkelegheita, og som me har vore inne på før i kapittel 3, i beskrivelsa av hostellivet i Cali, kunne ein endring i narrativ ha merkbare konsekvensar.

I Cali førte fleire ran ovanfor dei reisande i ein periode der det var langtidsbuande til ei opphoping av lokale ransforteljingar. Sjølv om den objektive risikoen kanskje ikkje var endra, var den subjektive oppfatninga av risiko (Hylland Eriksen 2006:13) endra som følgje av den konstante gjenforteljinga av nylige ran i nærområda.

Anna Synnøve Hovstein skil mellom risk awareness og risk perception. Det første er å vere bevisst på, å ha kunnskap om og vere klar over risiko, mens det siste er å forstå, å ta inn over seg, og å fullt ut forstå konsekvensane av risiko. Førstnemnde er meir knytta til kunnskap, og den andre meir til kjensler (2016:75-76). På hostelet i Cali tolkar eg det sånn at dei fleste kjapt fekk risk awareness, i at dei raskt blei informert om dei faktiske forholda av andre reisande som hadde vore der ei stund,

men at det tok tid før risk perception gjorde seg gjeldande, då dei sjølv begynte å kjenne det på kroppen korleis det var å opphalde seg over tid i eit miljø der ran var ein dagleg risiko.

Denne endringa førte med seg, som nemnt i kapittel tre, at kjensla av tryggleik til slutt knakk saman på hostelet i Cali, og samtlege av dei langtidsbuande, meg sjølv inkludert, sjekka ut etter eit ran inne på sjølve hostelet. Tryggleiksdiskursen var derfor på inga måte statisk, og blei konstant påverka av dei små, men kroniske, samtalane om ran backpackera i mellom.

To sfærar – flyten av kunnskaps påverknad på lokaløkonomien

Eit nyttig perspektiv for å kaste lys på måten ransforteljingane påverkar den lokale økonomien, er å sjå på kunnskap som ein produkt i eit transaksjonssystem som beskrevet ovanfor (Barth 1994:169), og sjå på dette som ei økonomisk sfære som gjennom sine transaksjonar påverkar ei pengebasert sfære. Ei økonomisk sfære er i følgje Barth [1967] (1994) eit område for omsetjing av varer og tenester, der det ikkje nødvendigvis er lett å krysse sfærene. Utvekslinga av kunnskap lar seg ikkje direkte omsetje til pengar, eller omvendt, men likevel er desse to sfærene utvilsomt kopla saman, nettopp ved at dei narrativa som blir skapt blant backpackerane er med på å endre tryggleiksfølelsa blant dei reisande.

Nisjane beskrevet i forrige kapittel er ikkje stabile, og det er gjennom ein dialektisk prosess mellom dei to sfærene at systemet både opprettheldt seg – og risikerer kollaps. I løpet av tida mi i Cali blei taxi lite nytta i starten, hostelet tente lite pengar på sal av varer og ranarane hadde grei tilgang til offer. Etterkvart som diskursen endra seg derimot, førte det til økt omsetjing for taxisjåførar, økt sal av mat og drikke for hostelet, og mindre omsetjing for kioskane, som følgje av utvekslinga av ransforteljingar blant dei reisande.

Når terskelen blei nådd, og backpackerna sjekka ut, forsvann og desse nisjane, som var avhengige av eit hostel med besøkande. Sidan backpackerane som hadde vore der den perioden reiste, og ikkje hadde muligheit til å utveksle forteljingar med gjestar etter det punktet, og sidan hostelet sjølv – som nemnt i kapittel 3 – gav rabatterte prisar til folk som skreiv gode uttaler på nett, svinga systemet tilbake, og reisande strømma igjen til, med ein «nullstilt» rans- og tryggleiksdiskurs.

Hovudfunna mine og bidraget mitt til den antropologiske backpackerlitteraturen er at dei daglige gjeremåla til dei reisande ikkje må oversjåast, og at med å sjå på denne type mikrointeraksjon kan ein avdekke større system, i ei kontekst der korkje backpackera eller lokale aktørar har muligheit for å sleppe unna effektane av praten om ran. Enten dei er direkte involvert i praten og avhengig av den for sosialisering og fellesskap, eller blir berørt av følgjene av den, ved å vere integrerte deler i eit større prosessuelt økonomisk system, blir alle påverka av narrativa, og dei diskursane forvalta gjennom ransnarrativ.



Ein av dei siste dagane mine i Colombia, og eit sjeldant fint syn, til å avslutte både feltarbeidet og oppgåva. Privat foto.

Litteraturliste:

- Almklov, Petter G. (1999) *Reisen – Perspektiver til forståelse av backpacker-reiser og identitet i moderne samfunn*. Trondheim: Hovedfagsoppgave i sosialantropologi - NTNU
- Archetti, Eduardo P., Kristi Anne Stølen [1993] (2008) «Latin-Amerika» i Howell, Signe og Marit Melhuus (red) *Fjern og Nær* 249-276 Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Barth, Fredrik (1969) «Introduction» i Barth, Fredrik (red) *Ethnic Groups and Boundaries: the Social Organization of Culture Difference* 9-38 Oslo: Universitetsforlaget
- Barth, Fredrik (1975) *Ritual and Knowledge among the Baktaman of New Guinea* Oslo: Universitetsforlaget
- Barth, Fredrik [1956] (1994) «Økologiske relasjoner mellom etniske grupper i Swat i Nord-Pakistan» i Barth, Fredrik (red) *Manifestasjon og prosess* 145-156. Oslo: Universitetsforlaget
- Barth, Fredrik [1967] (1994) «Økonomiske sfærer i Darfur» i Barth, Fredrik (red) *Manifestasjon og prosess* 46-65. Oslo: Universitetsforlaget
- Barth, Fredrik [1990] (1994) «Opplysning eller mysterier? Transaksjoner om kunnskap, og konsekvenser for kulturformene i Sydøst-Asia og Melanesia» i Barth Fredrik (red), *Manifestasjon og prosess* 157-173. Oslo: Universitetsforlaget
- Barth, Fredrik (2002) *An Anthropology of Knowledge*, *Current Anthropology*, 43:1, 1-18, Feb
- Bendixsen, Synnøve (2015) «Give me the damn papers!» *Å vente på oppholdstillatelse*, i *Norsk Antropologisk Tidsskrift* 26, no. 3/4: 285-303
- Bull, Benedicte (2010) *Latinamerikanske utfordringer*. Kristiansand: Høyskoleforlaget

- Bushnell, David (1993) *The Making of Modern Colombia – A Nation in Spite of Itself* Berkeley, Los Angeles, Oxford: University of California Press
- CIA – Kart over Colombia. Henta 17. mai 2016 frå:
https://www.cia.gov/library/publications/resources/cia-maps-publications/map-downloads/colombia_physiography.jpg/image.jpg
- Geertz, Clifford [1973] (2000) *The Interpretation of Cultures* New York: Basic Books
- Goffman, Erving (1959) *The Presentation of Self in Everyday Life* London: Penguin Books
- Hovstein, Anna Synnøve (2016) «*We are doers!*» *The social life of silence: Risk awareness and risk perception at the foot of Katla, Iceland* Trondheim: Masteroppgåve i sosialantropologi – NTNU
- Hylland Eriksen, Thomas (2006) «Innledning: Tryggheten og dens motstandere» i Hylland Eriksen, Thomas (red) *Trygghet* Oslo: Universitetsforlaget
- Jackson, Jean E. (1990) ««I am a fieldnote»: Fieldnotes as a Symbol of Professional Identity» i Sanjek, Roger (red) *Fieldnotes – The Makings of Anthropology* New York: Cornell University Press
- Jenkins, Richard (2008) *Social Identity* New York: Routledge
- Lutz, Catherine A. og Lila Abu-Lughod (1990) *Language and the politics of emotion. Studies in emotion and social interaction.* New York, NY, US: Cambridge University Press
- Ojeda, Diana (2012) *Green pretexts: Ecotourism, neoliberal conservation and land grabbing in Tayrona National Natural Park, Colombia*, *The Journal of Peasant Studies*, 39:2, 357-375
- Ojeda, Diana (2013) *War and Tourism: The Banal Geographies of Security in Colombia's "Retaking"* i *Geopolitics*, 18:4, 759-778
- Salazar, Noel B. (2013) *Envisioning Eden: Mobilizing Imaginaries in Tourism and Beyond* New York, Oxford: Berghahn Books

- Streicker, Joel (1995) *Policing Boundaries: Race, Class, and Gender in Cartagena, Colombia*
American Ethnologist Vol. 22, No. 1 (Feb),54-74
- Sørhaug, Tian(1996) *Fornuftens Fantasier – Antropologiske essays om moderne livsformer* Oslo:
Universitetsforlaget
- Thomassen, Hans Martin; Tord Larsen (2008) *Tilpasning, balanse og brikolage. Møtet mellom
økologisk og konvensjonelt jordbruk i en nord-norsk bygd* Trondheim: Doktoravhandling i
sosialantropologi – NTNU
- Turner, Victor [1969] (2002) «Liminality and Communitas» i Lambek, Michel (red) *A Reader in the
Anthropology of Religion* 358-374 Blackwell Publishers Ltd
- Turner, Victor [1964] «Betwixt and Between: The Liminal Period in Rites de Passage» i Lessa,
William A. og Evon Z. Vogt (red) *Reader in comparative religion. An anthropological
approach* 234-243 New York: Harper Collins Publishers